

Utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune

Kunnskapsgrunnlag i samband med regionsreforma



Møre og Romsdal
fylkeskommune

REGIONREFORM

FYLKESKOMMUNEN SOM TENESTEPRODUSENT OG UTVIKLINGSAKTØR EIT KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR MØRE OG ROMSDAL

Innhold

Bakgrunn:	3
Prosess.....	5
Rammevilkår regionreform	6
Demografiske utviklingstrekk.....	9
Økonomiske prioriteringar:.....	11
Regionreform og kommunar.....	12
Regionstorleik – berre folketal?	14
Funksjonelle regionar	16
Bu-, teneste- og arbeidsmarknadsregionar.....	16
Næringsregionar.....	19
Funksjonelle regionar innafor høgare utdanning og forsking	24
Samarbeid innafor fylkeskommunen sine ansvarsområde	26
Vekstkraft	27
Regional stat.....	30
Fylkeskommunen som tenesteprodusent og regional utviklingsaktør	31
Dagens oppgåver.....	31
Regional- og næringsutvikling	33
Kultur- og folkehelse	38
Samferdsel.....	43
Utdanning	48
Plan og analyse	50
Bygg og vedlikehald	52
Nye oppgåver Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver.....	53
Kultur	54
Næringsutvikling og kompetanse.....	55
Samferdsel.....	57
Integrering.....	57

Prioriteringar i nabofylka.....	58
Kultur.....	58
Regional- og næringsutvikling	60
Samferdsel.....	61
Utdanning.....	61
Politisk	62
Plan- og analyse.....	63
Kva fylke har vi mest felles med?	65
Kultur og folkehelse.....	65
Regional- og næringsutvikling.....	66
Samferdsel	67
Utdanning	69
Plan- og analyse.....	71
VEDLEGG.....	72
Statlege arbeidsplassar – fordelt per kommune	72
Fylkeskommunale arbeidsplassar – fordelt per kommune.....	72
Pendlingsmatrise over fylkesgrensa.....	72

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet la 5. april 2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) **Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver.**

Av meldinga går det fram at det er regjeringa sitt mål å gjennomføre kommunereforma og regionreforma samtidig, slik at både nye kommunar og nye folkevalte regionar kan tre i kraft frå 1. januar 2020.

Den overordna prosessen knytt til dette er:

- Vedtak om eventuell samanslåing innan 1. desember 2016 – Fylkestinget (desember).
- Proposisjon om nye oppgåver og roller våren 2017
- Proposisjon med forslag til ny regional struktur våren 2017
- Nye regionar og kommunar trer i kraft frå 1.1. 2020.

Fylkestinget i Møre og Romsdal gjorde den 11.04.2016 (T-56/16) følgande samråystes vedtak:

Regionreformen - Meld. St. 22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner - rolle, struktur og oppgaver:

For å sikre ein god og grundig prosess, legg ein opp til følgjande:

- Utgreie og ta stilling til kva fylke/delar av fylke det kan vere aktuelt å etablere nye, større regionar saman med.
- Gjennomføre nabosamtalar med relevante fylker (Sør-Trøndelag, Oppland og Sogn og Fjordane) aktørar med utgangspunkt i punkt 1.
- Gjere formelle vedtak om nye regionale strukturar innan 1. desember 2016

Skisse til framdriftsplan:

- Fylkesutval 23. mai - sak om kva fylke det skal innleiast nabosamtalar med, samt mandat og val av forhandlingsutval.
- Juni – September/oktober: Nabosamtalar med relevante fylker/aktørar
- Fylkesutval juni – skisse til opplegg for dialog med relevante aktørar i Møre og Romsdal om regionreforma.
- August – november: dialog med kommunar, regionråd, NHO, LO, næringsforeiningar, frivillig sektor, akademia mm. om regionreforma.
- Hensikta med dialogen er både å få inn synspunkt frå aktørane på kva dei meiner er beste løysinga for Møre og Romsdal samt belyse spørsmål som er aktuelle å utgreie i saka.
- Fylkesutval november – sak om ny regionstruktur.
- Fylkestinget i desember - sak om ny regionstruktur.

Fylkesutvalet gjorde i møte 24.05.16 følgande vedtak i sak U-58/16

«Regionreform - oppnemning av forhandlingsutval og mandat

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal opnar for nabosamtalar for å avklare handlingsrom i regionreforma slik det er lagt opp til i «St. 22 (2015-2016) Nye folkevalte regioner - rolle, struktur og oppgaver».

Forhandlingsutvalet får slik samansetting:

- Fylkesordførar - leiar
- Fylkesvaraordførar
- Representant frå opposisjonen: Charles Tøsse (H)
- Fylkesrådmann (sekretær)

Fylkesutvalet blir referansegruppe for arbeidet.

Forhandlingsutvalet får følgjande mandat:

Avklare premissar og føresetnader for nabosamtalar med:

- Sogn og Fjordane
- Sør- og Nord-Trøndelag
- Oppland

Forhandlingsutvalet vurderer etter ei avklaringsrunde om det er grunnlag for å gå vidare til reelle nabosamtalar.

Fylkesordførar får mandat til å gjennomføre ei slik avklaringsrunde. I tilfelle der det er klare føringar frå nabofylke(r) for å gå inn i nabosamtalar skal vidare samtalar avklara med referansegruppa.

Forhandlingsutvalet vurderer når referansegruppa skal orienterast/konsulterast.

Fylkesutvalet skal løpende konsulterast.»

Debatten i fylkesutvalet viste at «forhandlingsutvalet» ikkje har mandat til å forhandle for delar av fylket eller om ei deling av fylket.

Det har vore gjennomført følgande sonderingssamtalar med sikte på å avklare om det var grunnlag for vidare samtalar:

29 JUNI – SOGN OG FJORDANE

Forhandlingsutvalet konkluderte med at det ikkje var grunnlag for vidare samtaler då Sogn og Fjordane sitt vedtekne alternativ omfatte Hordaland og Rogaland.

16 AUGUST – TRØNDELAG

Forhandlingsutvalet konkluderte med at det ikkje var grunnlag for vidare samtaler med bakgrunn i Stortinget sitt vedtak 8.06.2016 : «Nord-Trøndelag fylke og Sør-Trøndelag fylke slås sammen til Trøndelag fylke fra 1. januar 2018». Dei to trønderfylka signaliserte at dei «hadde nok» med eigen prosess for å slå saman dei to fylka. Det har seinare kome signal gjennom media frå representantar for Sør-Trøndelag om at enkeltkommunar kan vere velkomne, men på basis av den framforhandla avtalen som ligg til grunn for det nye fylket Trøndelag.

Det er ikkje gjennomført sonderingssamtale med Oppland då det har vore vanskeleg å finne tidspunkt som har passa.

Prosess

I brev av 17.06.2016 informerte Fylkeskommunen kommunar/regionråd, næringslag m.m. om arbeidet med regionreforma. Her heiter det m.a.:

«Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker ein god dialog med kommunane i arbeidet med regionreforma. Av praktiske årsaker ønsker vi at denne dialogen i størst mogleg grad skjer gjennom regionråda. Alle kommunane i fylket vil få høve til å uttale seg om regionspørsmålet før endelig sak til fylkestinget i desember. Det same gjeld for NHO, LO, næringsforeiningar, frivillig sektor, akademia m.fl.. Høyringsdokumenta vil bli sendt ut når vi har oversikt over kva alternativ som er realistiske, og kva dei eventuelle intensjonsavtalane inneber.»

Sidan det ikkje er inngått nokon intensjonsavtaler kan ein naturleg nok ikkje sende slike ut på høyring. Fylkesrådmannen meiner likevel det er viktig med innspel før fylkestinget si behandling. Det vil bi sendt ut brev til relevante partar der vi informerer om utgreiingane som no ligg føre. Ein vil her oppmode kommunar/regionråd, NHO, LO, næringsforeiningar, frivillig sektor, akademia m.fl. kome med innspel før endelig behandling i Fylkestinget i desember. Fylkesrådmannen opnar og for innspel i perioden mellom Fylkesutvalet sitt møte 22. november og Fylkestinget 14. desember. Alle innspel vil bli gjort tilgjengeleg for Fylkestinget sine medlemmar.

Det har i perioden frå Fylkestinget sitt vedtak i april vore kontakt med både kommunar/regionråd, næringsforeiningar m.fl.. Administrasjonen har deltatt på ei rekke møter og samlingar for å få innspel og informere om arbeidet med regionreforma så langt. Det har og vor halde eit møte med regionråda der politisk og adm. leiing hos begge partar tok del. Målet med møtet var gjensidig informasjonsutveksling om arbeidet med regionreforma.

Sidan fristen 1. desember som var satt av departementet var litt vanskeleg i forhold til møtedatoar i Fylkestinget, søkte vi om utsett frist. Vi har mottatt dette svaret frå departementet:

«Møre og Romsdal fylkeskommune kan få utsett frist på tilbakemelding, men me ber om at fylkesutvalet si innstilling blir sendt departementet så snart det ligg føre.»

Rammevilkår regionreform

Regionreforma har ein del formelle rammevilkår som ligg til grunn utover stortingsmeldinga det er vist til i innleiinga. Det vil gje klare føringar og avgrensingar for vårt arbeid med reforma kva andre (nabo)fylke gjer i reformarbeidet. Fylkesrådmannen legg til grunn følgande rammevilkår i den vidare drøftinga av saka.

«Generalistkommuneprinsippet»

Av dei formelle rammene er det greitt å slå fast at fylkeskommunane er som primærkommunane såkalla generalistkommunar. Prinsippet betyr at alle fylkeskommunar uavhengig av innbyggartal, busettingsstruktur og liknande skal imøtekome dei same krava til tenester, planleggings- og utviklingsoppgåver, oppgåvene som myndighetsutøvar og ivaretaking av demokratiske funksjonar. Det same finansieringssystemet gjeld for alle og lovgivinga gir de same rammene for organisering og styring. Det vil altså som hovudregel ikkje vere slik at store regionar får fleire oppgåver enn mindre regionar. Unntaket kan vere at regionar i tidsavgrensa periode får overført oppgåver etter «lov om forsøk i offentlig forvaltning».

Nye regionar.

Korleis regionkartet i resten av landet, og særleg i vårt nærområde, teiknar til å bli har verknad på kva som er ei naturleg avgrensing av denne saka. Prosessen er dynamisk og mykje er ikkje avklart enno. Dette gjer det nødvendig å sjå dei ulike alternativa i Fylkesutvalet sitt vedtak 24.05.16. i lys av den utviklinga som har skjedd i etterkant. Stadige medieoppslag om utviklinga i høve til realisering av vestlandsalternativet har gjort det ekstra krevjande til ei kvar tid å være relevant på dette tema.

• Oppland.

Det er ikkje gjennomført sonderingssamtale med Oppland. Fylkesrådmannen oppfattar at dette m.a. har si forklaring i lite interesse for slike samtalar frå Oppland.

Oppland har hatt nabosamtaler med Buskerud, Akershus, Østfold og Hedmark.

Fylkestinget i Oppland gjorde i juni 2016 følgande vedtak:

«Fylkestinget ber om at det til fylkestingets samling i desember 2016, legges fram et beslutningsunderlag for en eventuell etablering av en ny folkevalgt region i Innlandet bestående av dagens Oppland fylkeskommune og Hedmark fylkeskommune».

Hedmark fylkeskommune har gjort tilsvarande vedtak.

Det førebelse utgreiingsarbeidet som er gjort i høve Møre og Romsdal – Oppland viser at desse fylka har lite til felles når det gjeld geografi, demografi, næringsstruktur og at det er lite samhandling over fylkesgrensene. Når det gjeld inndeling av regional stat ser vi same bilde, ingen statsetatar har regioninndeling der Møre og Romsdal og Oppland er i same distrikt.

Kartet viser og ein region med Møre og Romsdal og Oppland vil få store interne avstandar, og at dei befolkningstette områda ligg i kvar ytterkant av ein slik region.

Fylkesrådmannen meiner ut frå dette at det ikkje er grunnlag for å utgreie dette alternativet vidare. Oppland vil vere med i nokre tabellar og liknande i utgreininga då dette arbeidet allereie er gjort.

- **Sogn og Fjordane**

I sonderingssamtale 29.06. vart det klart at Sogn og Fjordane ønskte å gå vidare med det store vestlandsalternativet som også inkluderer Hordaland og Rogaland. Sogn og Fjordane sine representantar var klare på at ein sterkt ønskte Møre og Romsdal med i det vidare arbeidet med den nye vestlandsregionen. Dette var ikkje eit aktuelt alternativ å forhandle vidare om for vårt forhandlingsutval med bakgrunn i fylkestinget sitt vedtak.

Den 15. september blei forhandlingsutvala i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland samde om ein intensjonsplan for ein ny Vestlandsregion. Planen omhandlar politisk og administrativ organisering av Vestlandsregionen. I oktober skal dei tre fylkestinga ta stilling til intensjonsplanen, med eventuelt vedtak om samanslåing i desember.

Ein vestlandsregion med dei tre fylka vil bli ein svært stor region i norsk målestokk med over 1,1 million innbyggjarar, eller om lag 1/5 av Norges befolkning. Til samanlikning vil den nye Trøndelag få underkant av 450 000 innbyggjarar. Både dagens Hordaland (517 000) og Rogaland (470 000) er kvar for seg større enn dei to Trøndelagsfylka samla. Sjølv om ein slik region i areal berre er marginalt større enn Sør- og Nord-Trøndelag, gjer geografien at reisetidene er lengre. Det er nesten 60 mil frå Måløy til Stavanger og ei reisetid med bil på over 10 timer. Tilsvarande er det om lag 22 mil frå Kyrsæterøra til Steinkjer og ei reisetid med bil på litt over 3 timer.

Med Møre og Romsdal ville ein vestlandsregion utgjere nesten 1,4 millionar innbyggjarar noko som utgjer meir enn ¼ av det samla folketalet i Norge. Denne regionen vil bli vesentleg større i areal, om lag 1,5 gonger Trøndelag, og med lange reisetider mellom befolkningstette område i «utkanten» av regionen. Det er nesten 90 mil mellom Kristiansund og Stavanger og ei reisetid med bil på over 12 timer.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at dersom ein så stor region blir realitet er ein utafor ramma for denne reforma, der «måltaket» er om lag 10 regionar.

Fylkesrådmannen ser derfor ikkje at det er grunnlag for å utgreie Møre og Romsdal samla inn i ein stor vestlandsregion med eit befolkningstyngdepunkt langt sør i regionen.

Det er klare signal frå politisk leiing i Sogn og Fjordane fylkeskommune om:

- S&F ønskjer Møre og Romsdal med i ein vestlandsregion
- S&F ønskjer ikkje ein region med «berre» Møre og Romsdal

Dette gjer at det er grunnlag for å utgreie eit alternativ med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Dette er eit alternativ som berre er aktuelt dersom Rogaland vel å ikkje gå med i ein stor vestlandsregion. Fylkesrådmannen ønskjer ikkje å spekulere i kor sannsynleg dette er, men ser at det er signal som kan peike mot ein slik utgang.

- Rogaland er i nabosamtaler med Agderfylka
- Rogaland med sine 470 000 innbyggjarar er heilt klart «stor nok» i ein struktur med 10 regionar
- Det er frå fleire hald i Rogaland, m.a. på leiarplass i Stavanger Aftenblad, kome sterke innvendingar mot intensjonsavtala som ligg til grunn for danning av «Vestlandsregionen»

I NRK Rogaland 16. september 2016 sto følgande:

«Rogalandsflertall mot vestregion

Det er flertall i fylkestinget mot å slå sammen Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane til en ny vestlandsregion, skriver Stavanger Aftenblad. Både Høyre, Frp, Sp, Venstre og SV er mot intensjonsavtalen, ifølge avisa. Disse partiene har til sammen 37 stemmer, og et solid flertall i fylkestinget. Det skal også være usikkert om Ap og KrF er for sammenslåing.»

Fylkesrådmannen vil med bakgrunn i dette utgreie eit alternativ med Møre og Romsdal saman med Sogn og Fjordane og Hordaland, men utan Rogaland. Dette er ikkje fullt ut i tråd med vedtaket i fylkestinget, men står fram som eit mogleg alternativ Fylkesrådmannen meiner fylkestinget i Møre og Romsdal bør ha utgreia i lys av utviklinga i regiondebatten.

- **Trøndelag**

Sør- og Nord-Trøndelag er i ei særstilling i denne reforma. Her har fylkestinga i begge fylke gjort vedtak om samanslåing, og Stortinget gjorde følgande vedtak 8.06.2016 :

«Nord-Trøndelag fylke og Sør-Trøndelag fylke slås sammen til Trøndelag fylke fra 1. januar 2018».

Her er det og gjort ei avtale om fordeling/plassering av administrative ressursar i den nye regionen (Trondheim – Steinkjer). Dei to fylkeskommunane er i gang med det praktiske arbeidet knytt til å etablere ein ny region. Nord- og Sør-Trøndelag har arbeidd tett saman i mange år allereie, t.d. gjennom «Trøndelagsplanen» som er felles fylkesplan for dei to fylka. Trøndelagsplanen har eksistert sidan 2005, og Trondheim kommune deltar på lik linje med Sør-Trøndelag fylkeskommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune i planarbeidet. Trøndelagsrådet er styringsgruppe.

Alternativet Møre og Romsdal + Trøndelag vert utgreidd slikt Fylkestinget sitt vedtak legg opp til. Utspel frå politisk hald i Trøndelag er noko sprikande, men både signal i sonderingsmøte og i media i ettertid tyder på at ein ikkje har Trøndelag + Møre og Romsdal som eit ønska alternativ verken i Sør- eller Nord-Trøndelag. Når det gjeld enkeltkommunar er signala noko meir varierande, men ein held fast ved at det ikkje er aktuelt med endringar når det gjeld fordeling/plassering av administrative ressursar. I tillegg er dei to fylka i gang med å utarbeide ein felles politikkplattform etter samanslåinga. Samla gir dette, saman med det faktum at samanslåinga til Trøndelag trer i kraft to år tidligare enn dei andre regiondanningane, eit svært krevjande utgangspunkt for ein eventuell Midt-Norsk region som inkluderer Møre og Romsdal.


Alternativa som vert utgreidd er:

- Møre og Romsdal som eigen region.
- Møre og Romsdal + Trøndelag
- Møre og Romsdal + Sogn og Fjordane + Hordaland

Demografiske utviklingstrekk.


Dei fem fylka som inngår i utgreiinga har ulike særtrekk og utviklingstrekk det kan være tenleg å gå gjennom. Sør- og Nord-Trøndelag vil, der det er naturleg, bli omtala som ein region «Trøndelag».

	Folketal	Areal i km2
Hordaland	516 497	15 437
Sogn og Fjordane	109 530	18 619
Møre og Romsdal	265 290	15 100
Trøndelag	449 769	41 255



Dei fem fylka har alle sine særtrekk både når det gjeld demografi, topografi, næringsliv osv.. Sør-Trøndelag og Hordaland skil seg ut som «stорbyfylke» i forhold til dei tre andre. For fylkeskommunane gjer dette noko med maktbalansen då storbyen kjem i ei særstilling i forhold til dei andre primærkommunane. Dette ser vi m.a. i at storbyane ofte er «partner» med sin fylkeskommune på eit anna «nivå» enn dei andre kommunane i t.d. større satsingar.

I Sør-Trøndelag utgjer Trondheim om lag 60 prosent av det samla folketalet, og i Hordaland utgjer Bergen 54 prosent. I Nord-Trøndelag utgjer innbyggjarane i den største kommunen, Steinkjer, 16 prosent av samla befolkning, i Sogn og Fjordane er Førde størst, men har «berre» 12 prosent av innbyggjarane. I Møre og Romsdal utgjer dei som bur i Ålesund 17,5 prosent av fylket sitt folketal. Sogn og Fjordane er eit meir typisk distriktsfylke enn dei andre fylka.




Medan Hordaland og Møre og Romsdal har eit demografisk tyngdepunkt langs kysten, er ikkje dette like utprega i dei andre fylka.

Som vedlagt kart viser er det relativt store avstandar mellom dei mest befolkningstette. Særleg er avstanden stor mellom befolknings-konsentrasjonane i dei ulike fylka, medan dei er noko meir samla internt i kvart fylke. Dette gjeld og om ein ser Trøndelag under eitt.

Dei «aksane» ein ser når det gjeld befolkning er i stor grad avgrensa av fylkesgrensene.

Også folketalsutviklinga har vore svært ulik mellom fylka. Medan Sør-Trøndelag har ein folketalsvekst som ligg over landsgjennomsnittet, ligg dei andre fylka klart under.



For meir detaljert om folketalsutvikling viser vi til kap. om «funkjsonelle regionar» og Norlandsforsking si utgreiing om maktpolitiske spørsmål.

Økonomiske prioriteringar:

Budsjetta for dei fem fylkeskommunane viser til dels store forskjellar i kva sektorar ein prioriterer. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane skil seg ut med å bruke ein vesentleg større del av det samla budsjettet på samferdsel enn dei andre fylka. Dette speglar nok i større grad ulike utfordringar i denne sektoren enn ulik politisk prioritering. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har store kostnader knytt til ferger og tunell/bru felles. Hordaland har noko av dei same utfordringane, medan dei andre fylka har mindre av dette. I både Trøndelag og Hordaland tar og staten ein større del av samferdselskostnadene gjennom tog, som avlastar fylkeskommunen sitt budsjett, og ekstra tilskot til kollektiv i storbyane.

NB. Posten Reg. utvikling er i noko grad «distriktsmidlar» som er øyremerkte frå staten og gir såleis ikkje fullt ut uttrykk for prioriteringar i dei ulike fylkeskommunane.

	HORDALAND	SOGN OG FJORDANE	MØRE OG ROMSDAL	SØR- TRØNDELG	NORD- TRØNDELAG
Pol. styring	4,5 %	5,3 %	4,7 %	4,7 %	7,6 %
Annet	-0,1 %	1,2 %	0,5 %	0,8 %	-0,1 %
Utdanning	50,7 %	36,8 %	45,8 %	50,7 %	49,7 %
Tannhelse	3,7 %	3,7 %	3,7 %	3,3 %	3,9 %
Reg.utvikling	0,0 %	6,5 %	2,0 %	2,8 %	1,9 %
Samferdsel	37,7 %	42,9 %	40,9 %	34,3 %	33,4 %
Kultur	3,5 %	3,6 %	2,4 %	3,4 %	3,6 %

Regionreform og kommunar.

Både fylkesting og fylkesutval i Møre og Romsdal har lagt til grunn ei utgreiing av heile Møre og Romsdal anten som eigen region eller saman med andre fylke eller deler av fylke. Det er likevel eit atterhald om at enkeltkommunar kan endre fylke som resultat av kommunereforma.

Baserer ein seg på vedtaka i kommunane er det foreløpige resultatet av kommunereforma i høve kommunar som (kan) byter fylke slik:


- Rindal til Trøndelag - 2 036 innbyggjarar
- Halsa¹⁾ til Trøndelag(?) - 1 547 innbyggjarar
- Horningdal til Møre og Romsdal + 1 200 innbyggjarar

¹⁾ Ikkje formelt vedtatt.

Samla betyr dette ein netto reduksjon av folketal i Møre og Romsdal på om lag 2 400 innbyggjarar. (Om Halsa/Hemne/Snillfjord blir ein del av Møre og Romsdal vil det bety ein netto auke i innbyggartal). Isolert sett endrar ikkje dette folketaket i Møre og Romsdal i ei slik grad at det vil ha noko verkand for ei vurdering av om Møre og Romsdal er «stort nok» etter ei regionreform. Dersom både Halsa og Rindal går ut av fylket kan det likevel på sikt ha verkand for tenestetilbodet i fylket. Elevar frå desse kommunane utgjer i dag om lag $\frac{1}{4}$ av elevtalet på Surnadal vidaregåande skule. Framtidige elevar frå desse kommunane kan framleis i søkje på vidaregåande skule i nabofylket (Møre og Romsdal) dersom avtalen om gjesteelevsgaranti vert vidareført. Erfaringane viser at svært få elevar nyttar seg av dette i dag. Det er t.d. ingen elevar frå Halsa kommune på Hemne VGS i dag.

Fylkesrådmannen registrerer at det er krefter som tar til orde for heile eller deler av Nordmøre bør inngå i det nye Trøndelag.

I «*Utredning av fylkesmannens fremtidige struktur*»¹ viser ein eit eksempel på ei mogleg regioninndeling med 10 regionar.




¹ «Foreløpig rapport fra prosjektgruppen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2016»

Her opererer ein med regionar frå 240 000 innbyggjarar til 1,5 millionar. I dette eksempelet er Møre og Romsdal, med dagens folketal tredje minst. Minst er dei tre fylka lengs nord, no samla i to regionar, begge med om lag 240 000 innbyggjarar. Argumentasjonen for ikkje å foreslå ein struktur med fylkesmann for alle dei tre nordligaste fylka er store avstandar.

Sjølv om dette er ei førebels utgreiing som er ute på høyring, gir det ein pikepinn på korleis ein vurderer regionstorleik i departementet. Det er sjølv sagt vanskeleg å sette tal på kor «lite» Møre og Romsdal kan bli før ein blir for liten som eigen region. Det er Fylkesrådmannen si oppfatning at departement og storting vanskeleg vil godkjenne eit Møre og Romsdal som er vesentleg mindre enn i dag, og mindre enn dei minste regionane i det viste eksemplet.

I den nemnte utgreiinga viser ein også eit eksempel å på ein struktur med 12 regioner. For ytterligare detaljer viser vi til rapporten.



Både regionrådet på Sunnmøre og Regionrådet for Nordmøre, ORKide, har gjort arbeid knytt til regionreforma for eigne kommunar

ORKide

Regionrådet vedtok i slutten av juni å gjennomføre ein eigen utredning. Dei tar og med alternativ der Møre og Romsdal deles. Prosessen har blitt forberedt gjennom sommaren, og arbeidet starta i august. Hovudalternativa er som følger:

- Nordmøre inn i en ny midtnorsk region (med/uten at Romsdal også er med)
- Møre og Romsdal inn i en ny midtnorsk region
- Møre og Romsdal består som region i en ny regionstruktur
- Møre og Romsdal blir del av en Vestlandsregion/region med Sogn og Fjordane

Dei vil også vurdere kva som skjer om eit tal kommunar fell frå eller kjem til i ein eller begge endar av den nye regionen. Spørsmålet er i følgje ORKIDE blant anna aktualisert grunna nylige utspel om at Nordfjord bør bli ein del av Møre og Romsdal.

Sluttrapporten skal vere eit høyringsinnspeil til prosessen på fylkesnivå, og vil bli lagt ved det endelege sakframlegget til fylkestinget. Det er og tenkt som eit grunnlag for den enkelte kommune sine vurderingar. Regionrådet vil legge ut dei ulike delane av utgreiinga på <http://www.orkideportalen.no> etter kvart som dei blir ferdige.

Sunnmøre regionråd

Sunnmøre regionråd gjennomførte den 07.september 2016 «*Workshop Regionreforma*» der ordførarar og rådmenn i Nordfjordrådet og Sunnmøre regionråd møttes for å drøfte regionreform. Arbeidsmetodikken var lagt opp som SWOT-analyse, der ein vurderer Styrkar og Svakeheter med dagens fylkesstruktur, og Muligheter og Trugslar med eit gruppevalt framtidig scenario for Regionreforma. Det blei utarbeida ein prosjektrapport etter samlinga, og her konkluderer ein slik:

«Prosjektrapporten viser klart at begge regionråda, og den akkumulerte oppfatninga til ein skilde deltagarar, at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal bør gå felles inn i ein framtidig ny regionstruktur i Noreg.»

Heile rapporten er tilgjengeleg på: <http://www.sunnmoreregionrad.no/> og vil bli lagt ved det endelige sakframlegget til Fylkestinget.

Enkeltkommunar

Fylkesrådmannen er ikkje kjent med at det er konkrete utgreiingar under arbeid i andre deler av fylket i regi av enkeltkommunar eller regionråd knytt til regionreforma.

Regionstorleik – berre folketal?

Når vi talar om regionstorleik har vi nytta innbyggartal, og i nokon grad flatemål som indikator. Kan det være andre indikatorar som er relevante å supplere folketal med for å illustrere regionstorleik, også i tydinga storleik i høve til andre regionar?

Ei supplering med andre indikatorar kan være med å gje eit meir nyansert bilde av regionstorleik og styrkeforhold mellom regionane. Vi skal sjå litt nærmare på indikatorar som kan være relevante i regionreforma.


Arbeidsplassdekning

I kva grad ein region er «sjølvforsynt» med arbeidsplassar kan vere relevant. Møre og Romsdal har ei arbeidsplassdekning på om lag 97 prosent. Dette er relativt høgt og så i nasjonal samanheng. Korrigerer ein for «pendling» til sokkelen og havgåande fiskebåtar har Møre og Romsdal tilnærma full arbeidsplassdekning. Til samanlikning har Sør-Trøndelag har 101 prosent og Nord-Trøndelag 94 prosent.

Verdiskaping.

Det er ulike måtar å måle verdiskapinga per fylke på. Her har vi nytta «fylkesfordelt nasjonalregnskap per sysselsatt» slik SSB presenterer det. Dette viser at Møre og Romsdal er det femte største verdiskapingsfylket. Hordaland har ein noko verdiskaping per sysselsett og Sør-Trøndelag noko lågare. Sogn- og Fjordane og Nord-Trøndelag har klart lågare verdiskaping per sysselsett.

2013 BNP per sysselsatt



Sjølv om Møre og Romsdal scorer høgt på fleire indikatorar når det gjeld næringsliv, gjer mangelen på ein storby at vi og manglar enkelte funksjonar.

Eksempel på dette er: eige universitet, universitetssjukehus, regionale/nasjonale mediebedrifter, hovudkontor nasjonale konsern og liknande.

Sjølv om ingen av dei nemnde institusjonar/bedrifter er fylkeskommunale kan det argumenterast med at det svekker fylket som ein komplett region.

Regionstorleik har openbart noko med innbyggartal å gjere. Men, det har og noko med å gjere med kva nasjonal relevans ein har og kor «komplett» regionen når det gjeld tenester og funksjonar, eller kor avhengig er ein av naboregion(ane). Geografi, avstand og tilgjengeleight er og med å definere dei reelle regiongrensene i like stor grad som dei administrative grensene.

Funksjonelle regionar

Omgrepet «funksjonelle regionar» er nytta som utgangspunkt for å definere dei nye regionane. Kva er ein funksjonell region? Vi har valt å bruke ein definisjon henta frå:

Makt- og demokratiutredningens rapportserie, ISSN 1501-3065

Rapport 76, august 2003, ISBN 82-92028-84-6

Tom Johnstad, Jan Erling Klausen og Jan Mønnesland

«En funksjonell region avgrenses i forhold til omgivelsene av funksjonelle koplinger mellom mennesker og anlegg. Det gjelder transport og kontakter av ulike slag, enten det er mennesker, varer, tjenester eller informasjon man flytter, eller flytter seg i forhold til. Pendling, handlereiser, transportårer, terminaler, m.v. er elementer i avgrensning av en slik region. Den er gjerne sentrert med en kjerne eller et sentrum som betjener et omland. Dette er en type region der grensene tilpasser seg samfunnsutvikling og som kan endre seg raskt i enkelte perioder og områder, som for eksempel storbyregioner.»

Med dette som bakteppe vil vi sjå nærmare på ulike tilnærmingar til omgrepet funksjonelle regionar med følgande overskrifter:

- Bu-, teneste- og arbeidsmarknadsregionar.
- Næringsregionar.
- Vekstkraft
- Funksjonelle regionar innafor høgare utdanning og forsking.
- Regional samhandling/felles interesser innafor fylkeskommunen sine ansvarsområde.
- Organisering av og samarbeid med regional stat.

Bu-, teneste- og arbeidsmarknadsregionar.

For å definere kva ein bu- og arbeidsmarknadsregion er tar vi igjen utgangspunkt i Dag Jukvam (NIBR) sin artikkel i «RISS 2014».

«En bo.og arbeidsmarkedsregion (BA-region) er en form for funksjonell region. Regionene dannes av omfanget av pendling mellom geografiske grunnenheter (kommuner), der inndelingen justeres av reisetidsbetrakninger. BA-regionene dannes dermed av forholdet mellom bosteds- og arbeidsplasslokalisering. NIBRS INNDELING av Norge i BA-regioner er bygd opp med kommuner som grunnenheter. Regionene er gjensidig ekskluderende. Det betyr at kommuner som kvalifiserer for innpassering i flere regioner, eller der ulike deler av en kommune vender seg mot ulike arbeidsmarkeda plasseres i kun én BA-region. Slike kommuner er lokalisert i relativt sentrale deler av landet.»

Møre og Romsdal er inndelt i følgande bu- og arbeidsmarknadsregionar:

- Ålesund
- Molde
- Kristiansund
- Ulstein
- Ørsta/Volda
- Surnadal
- Rauma
- Sunndal
- Norddal/ Stranda
- Aure
- Vanylven
- Smøla
- Sandøy



Møre og Romsdal har i dag ingen bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar) som kryssar fylkesgrensene. Både nord i fylket, mot Sør-Trøndelag, og sør i fylket, mot Sogn og Fjordane er det pendling over fylkesgrensene, men ikkje i ei slik grad at vi kan snakke om integrerte BA-regionar.

I alle våre nabofylke vil ein finne BA-regionar som kryssar fylkesgrensene, t.d. er to kommunar i Nord-Trøndelag, Stjørdal og Leksvik ein del av Trondheim BA-region. Gulen kommune i Sogn- og Fjordane og Masfjorden i Hordaland utgjer også ein BA-region. Dette betyr ikkje at det ikkje er pendling over fylkesgrensene hos oss, men altså ikkje i eit slikt omfang at det etablerer ein BA-region.

Om vi ser nærmare på pendlinga mellom Nordmøre og Orkdalsregionen

(Orkdal, Meldal, Skaun, Rennebu, Oppdal, Hitra, Frøya, Hemne, Snillfjord og Agdenes) finn vi relativt lite pendling mellom desse regionene. Berre 174 personar pendlar frå Nordmøre til Orkdalsregionen, medan 267 pendlar andre vegen. Samla er altså pendlinga størst frå Orkdalsregionen til Nordmøre. Samtidig pendlar det om lag 10 gonger så mange frå Nordmøre til Romsdal som til Orkdalsregionen. I desse tala er Eide og Gjemnes (Molde BA-region) inkludert, og pendling frå desse kommunane utgjer nesten halvparten av pendlinga til Romsdal.

Rindal er den enkeltkommunen der flest pendlar over fylkesgrensa (56 til Orkdalsregionen).

Samstundes er det meir enn tre gonger så mange (174) som pendlar frå Rindal til Surnadal.

Det er ved utgangen av 2015 fleire som pendlar frå Kristiansund til Molde (248) enn frå heile Nordmøre til Orkdalsregionen.

Sjølv om det ei viss pendling over fylkesgrensa i nord, er den ikkje av eit omfang som gjer at vi kan snakke om ein BA-region. Det er derimot vesentleg meir pendling mellom Nordmøre og Romsdal, mest frå Gjemnes, Eide og Sunndal.

Dette samsvarer med Olav Ellefset sitt notat om samferdsel til ORKIDE, der han påpeikar at det er lettare å utvide BA-regionane internt på Nordmøre og mot Romsdal enn mot Trøndelag.


Sør i fylket har vi sett ein viss auke i pendling frå Nordfjord til Sunnmøre, og ved utgangen av 2015 var det registrert 380 pendlarar den vegen. Motsett veg er det 352 pendlarar. Eid komme er den Nordfjordkommunen som har størst utpendling til Sunnmøre. Her er det 83 pesonar som pendlar til

ein kommune på Sunnmøre. Til samanlikning er det 303 frå Eid som pendlar til kommunane Vågsøy, Floppen og Hornindal. Vågsøy er den kommunen i Nordfjord som har størst innpendling frå Sunnmøre med 99 pendlarar. Vanylven (39) og Ørsta (31) utgjer $\frac{1}{4}$ av dette. Vanylven (95) og Volda (98) er dei Sunnmørskommunane med størst utpendling til Nordfjord. Vanylven har Vågsøy som nest største utpendlings-kommune (39) etter Ulstein (59). For Volda er dei 98 som pendlar til Nordfjord lite samanlikna med dei 760 som pendlar til Ørsta. Heller ikkje sør i fylket kan vi snakke om BA-regionar over fylkesgrensene sjølv om tal pendlarar er noko større, og veksande der. Samla ser vi at det er sterke BA-regionar internt i fylket, delvis over fogderigrensene, men ingen over fylkesgrensene.

Pendling over fylkesgrensene


	Til Nordfjord	Til Sunnmøre	Til Romsdal	Til Nordmøre	Til Orkdalsregionen
Frå Nordfjord		380	30	7	3
Frå Sunnmøre	352		831	145	44
Frå Romsdal	6	759		833	23
Frå Nordmøre	11	211	1752		174
Frå Orkdalsregionen	5	13	49	267	

Visualisert ser pendlingsmønsteret over fylkesgrensene slik ut



Ei meir detaljer oversikt over pendlingsmønster er vedlagt.

Næringsregionar




Når det gjeld næringsstruktur ser vi distinkte ulikskapar mellom fylka. Medan Møre og Romsdal har den høgaste andel sysselsette innan industri (27%) i landet, er det «berre» om lag 19% i Sør-Trøndelag i denne sektoren. Når det gjeld primærnæringerane er Nord-Trøndelag om lag dobbelt så store som oss målt i andel sysselsette. Dei to «storbylefylka» har ein klart større del sysselsett i service-sektoren enn dei meir «rurale» fylka.

Ei endring av regiongrensene vil, til dels radikalt, endre samansetninga og «tyngde» av dei ulike sektorar innan nærings- og arbeidsliv. T.d. ville ein stor vestlandsregion, med Møre og Romsdal, være eit klart nasjonalt tyngdepunkt når det gjeld industri. Om ein er best tent med å gå saman med andre som er lik ein sjølv og dermed skape eit nasjonalt tyngdepunkt, eller ein er betre tent med å gå saman med andre som er meir ulik for å skape meir breidde i næringsstrukturen er både eit maktpolitisk og næringspolitisk spørsmål.


Eit anna område som skil fylka frå kvarandre er kor stor eksportindustrien er. Tal nedanfor viser vareeksport, unntatt uraffinerte petroleumsprodukt. Tidligare studiar viser at eksporten av tenester og uraffinerte petroleumsprodukt har om lag same fylkesfordeling, og forsterkar tendensane denne oversikta viser.

EKSPORT - FASTLAND



Som det går fram av tabellen skil Hordaland og Møre og Romsdal seg klart frå dei andre fylka som Norges to største eksportfylke. Møre og Romsdal eksporterer varer med ein verdi av meir enn 1,5 gonger eksporten i Sør- og Nord-Trøndelag. Sjølv om eksporten målt per innbyggjar er større i Sogn- og Fjordane enn i Trøndelag, er den berre om lag ¼ av eksporten frå vårt fylke.


EKSPORT - FISK/SJØMAT



Eksport av fisk/sjømat (oppdrettsfisk) står for over 75% av eksportverdien frå Trøndelag. På dette området er trønderfylka samla større enn Hordaland, men mindre enn Møre og Romsdal, som er Norges klart største fylke når det gjeld eksport av «villfisk».


SYSSLESETTING UTVALGT INDUSTRI

■ Møre og Romsdal ■ Sogn og Fjordane ■ Hordaland ■ Trøndelag




Ser vi nærmere på industrisektoren ser vi at det er innan mekanisk industri, skip, og møbler at Møre og Romsdal er store. Hordaland er like store eller større på alle desse områda, med unntak av møblar. Trøndelag er store på elektronikk-industri medan fylka sør for oss er om lag like store som oss, målt i tal sysselsette, i «tungindustrien».

SYSSELSETTING PIMÆRNÆRINGER




I primærnæringane ser vi eit heilt anna bilde enn i industrisektoren sjølv om den samla sysselsettinga er lang lågare. I jordbrukssektoren er Trøndelag om lag like store åleine som alle dei tre andre fylka samla. Med ein stor jordbrukssektor og ein relativ liten industrisektor målt i sysselsetting, skil Trøndelag seg klart strukturelt frå dei andre fylka. I fiskerisektoren er bilde eit heilt anna, der Møre og Romsdal nesten er like stor mål i talet sysselsette som dei andre tre fylka. Når det gjeld oppdrett er Hordaland og Trøndelag om lag like store.



Ser vi nærmare på matvareindustrien får vi eit bilde som langt på veg speglar strukturen innan primærnæringane. Sjølv om Møre og Romsdal er størst innan fiskindustri, er det Trøndelag som har den klart største matvareindustrien samla sett. Matvareindustrien er langt meir knytt opp mot «grøn sektor» i Trøndelag enn i dei andre fylka.

Omsetning i petroleumsnæringa i Norskehavsregionen


Kjelde: Impello, Analyse om "Olje- og gassnæringen i Norskehavsregionen"




Innan petroleumsnæringa er det forskjell mellom fylka på kysten. Det er nyleg gjort ei kartlegging i den som vert kalla «Norskehavsregionen» som omfattar fylka frå og med Møre og Romsdal til og med Nordland. Denne viser at Møre og Romsdal er større åleine på dette området enn dei tre andre fylka samla. Vi har ikkje tilsvarende tal for fylka sør for oss, men både Sogn og Fjordane. og særleg Hordaland mar mykje aktivitet innafor det som vert definert som petroleumsnæringa.

Funksjonelle regionar innafor høgare utdanning og forsking

Eit fylke/region av Møre og Romsdal sin storleik og utan storby vil alltid være avhengig av å hente kompetanse utanfrå. Særleg gjeld dette lang høgare utdanning då vi ikkje har eit stort bredduniversitet i fylket i dag.



Høgare utdanning i fylket finn vi i dag ved dei to (sjølvstendige) høgskulane i Volda og Molde og ved NTNU Ålesund. I tillegg har vi eit Høgskulesenteret i Kristiansund der både Høgskulen i Molde og Høgskulen i Bergen tilbyr høgskulestudie. Vi har ingen registerdata over kva utdanningsinstitusjonar vårt nærings- og arbeidsliv rekrutterer arbeidskraft frå, men vi veit kvar «våre» ungdommar søker høgare utdanning. Utanom institusjonane i eige fylke er det studiar i Sør-Trøndelag (Trondheim) som er mest populære. Frå 2014 til 2015 auka søkinga til Sør-Trøndelag medan den gjekk noko ned til Hordaland. Samla er søkinga til høgare utdanning til Sogn og Fjordane og Hordaland om lag likt med Sør-Trøndelag, men tek ein med Nord-Trøndelag viser det eit knepen «siger» til Trøndelag.



Ser vi på forsking er Møreforskning det dominante miljøet i Møre og Romsdal. I tillegg har vi avdelingar av nasjonale forskingsinstitusjonar.

SINTEF, med hovudkontor i Trondheim er ferd med å etablere seg i Møre og Romsdal gjennom etablering av SINTEF Ålesund AS.

I tillegg til institusjonell forsking blir det utført mykje FOI i næringslivet i fylket. Ein gjennomgang av dei største prosjekta viser at SINTEF/NTNU er den institusjonen som oftast er partner i slike prosjekt.

Samla kan vi snakke om noko som likar på ein funksjonell mellom Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag.

Samarbeid innafor fylkeskommunen sine ansvarsområde

Oversikt samarbeid – ikkje utfyllande

Samarbeid	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Andre
Vestlandsrådet						
Regionalt forskningsfond						
Vest-Norges Brusselskontor						
Fjord Norge AS						
Norskehavsrådet:						
Norsk Gassforum						
Tjeldbergodden Utvikling						
Tannhelse komp.senter						
Bokbåten Epos						
Prosjekt Kystpilgrimsleia						
GIS-Link						
Kystekspresen.						
Regional NTP						
Fylkeskommunenes akvakultursamarbeid						


Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeider i dag med nabofylka i sør og nord, og liten grad mot øst. Mot sør er aktuelle samarbeid i stor grad knytt opp mot heile vestlandet og det er ingen formelle samarbeid berre med Sogn og Fjordane. Nordover er det samarbeid både med Sør-Trøndelag åleine, og med begge trønderfylka. Ei styrking av Regionale Forskningsfond gjer organisering av desse særleg relevant. Møre og Romsdal inngår i Midtnorsk fondsregion saman med Sør- og Nord-Trøndelag. Nye Trøndelag har søkt om å bli eigen fondsregion allereie frå 2017. Samarbeidet synes i større grad å vere bestemt av oppdraget sin art enn av faste geografiske grenser.

Samla er samarbeida nokså jamt fordelt mellom sør og nord, men dagens samarbeid mot Trøndelag vert vurdert som meir formelt og tettare.

Vekstkraft


Vekstkraft er ein sentralt tema i regiondebatten. Kva er det som bestemmer vekstkraft? Har regionstorleik noko å bety for vekstkrafa?

Diagrammet nedanfor viser dagens fylke rangert etter storleik (folketal) i søyler og samla vekst sidan 2010 i linje. Sjølv om det er ein viss samanheng mellom storleik på fylka og vekst, er unntaka og veldig klare. Nordland, Hedmark og Oppland har ein mykje lågare vekst enn storleiken på fylket skulle tilseie. Tilsvarande har Vest-Agder, Aust-Agder og Troms høgare vekst enn storleiken skulle tilseie.




Det som gjer utslag når det gjeld vekstkraft er ikkje storleiken på fylke/region åleine, men om ein har ein «storbyp» i eller i næreleiken av fylke/region. Det som er typisk for store fylke med låg vekst er mangel på, eller stor avstand til ein større by. Tilsvarande for små fylke med stor vekst – her er det by og omland som veks utan at ein ser tilsvarande vekst i resten an fylket.

Ein finn altså samanheng mellom vekst og stor region med storby – det ein ikkje kan svare like klårt på er om ein større region gir større vekstkraft til storbyregionen og/eller heile regionen. Jo større avstanden er til storbyregionen dess mindre merkar ein til vekstkrafa.



For dei fylka vi utgreier kan dette illustrerast med at veksten i Sør-Trøndelag utan Trondheim er lågare enn i Møre og Romsdal.

Folketalsutvikling 2011 - 16




Går vi enno meir detaljert inn i tala ser vi at veksten rundt dei største byane dominerer bildet, og i perioden 2010-16 er det t.d. berre vekst på over 5% i to kommunar i Nord-Trøndelag, nemleg dei to kommunane som grensar til Trondheim. Kartet viser og at det er stor avstand mellom dei ulike vekstområda, særleg mellom fylka, noko som gjer det ekstra utfordrande å kople desse saman til vekstaksar.

Offentlege arbeidsplassar

Offentlege arbeidsplassar utgjer ein viktig del av arbeidsmarknaden. Kommunale arbeidsplassar utgjer heile 68 prosent av dette, medan statlege arbeidsplassar står for 26 prosent og fylkeskommune 6 prosent (Møre og Romsdal 2015).

Det er i dag ingen samanheng mellom storleiken på fylka og del statlege arbeidsplassar (rekna som del av samla sysselsetting.) Rogaland, som er det 4. største fylket har den lågast delen statlege arbeidsplassar, medan Troms, som berre er på 15 plass når det gjeld storleik har den største delen statlege arbeidsplassar. Det er vanskeleg å sjå noko mønster i fordelinga av statlege arbeidsplassar, særleg i forhold til regionstorleik. Det er likevel eit tydeleg trekk at storbyar i langt større grad enn mindre byar og større tettstader har statlege arbeidsplassar. T.d. er 89 prosent av dei statlege arbeidsplassane som er lokalisert i Sør-Trøndelag. Tilsvarende har Bergen 85 prosent av dei statlege arbeidsplassane i Hordaland. Til samanlikning har Ålesund flest i Møre og Romsdal med 39 prosent og Levanger har flest i Nord-Trøndelag og Leikanger i Sogn- og Fjordane, begge med 40 prosent. I dei tre førstnemnde fylka er det den største byen som har flest, mens det ikkje er tilfelle for dei to sistnemnde.



Vedlagt finn ein detaljert oversikt over både statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar fordelt på kommunar i dei fylka vi utgreier.

Regional stat

Tabellen nedanfor viser den geografiske inndelinga av regional statsforvaltning i dei fylka vi utgreier.

	Sogn og Fjordane Hordaland	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag
NAV				
Sivilforsvaret				
Fylkesmann				
Fylkesnemda sosiale saker				
Politi				
Innovasjon Norge				
Statsadvokat				
Kartverket				
Bispedømmer				
Fiskeridirektoratet				
NVE	Region Vest*		Region Midt*	
Heimevernet		11 *		
Kriminalomlosgen	Vest			
Toll	Vest			
IMDI			Midt	
Forbrukerrådet			Midt Norge	
Mattilsynet			Region 4	
Bufetat			Midt	
Vegvesenet			Midt	
Skatteetaten			Midt	
Lagdømmer			Frostating	
Statbygg			Midt	
Arbeidstilsynet			Midt	
Husbanken			Midt	
DSB/El-tilsyn			Midt	
Statsarkivet			Trondheim	
UDI			Midt	
Kystverket			Midt	
Statped			Midt	
Helseregion			Midt	

* Heimevernet; Distrikt 11 omfatter også deler av Sogn og Fjordane

NVE; Sunnmøre og Romsdal inngår i Vest, Nordmøre inngår i midt

Inndelinga viser kva regionar ulike deler av regional stat meiner er funksjonelle innafor deira fagområde. Ein skal likevel ta høgde for at inndelinga ikkje nødvendigvis gir uttrykk for ei ideell inndeling, men at t.d. budsjett kan være med å påverke kor mange regionar ein vel å dele seg inn i. Vi ser at ni etatar har valt ei regioninndeling som fell saman med Møre og Romsdal Fylkeskommune sine grenser i dag. I tillegg er det nokre deler forvaltninga som har «underavdelingar» i Møre og Romsdal, t.d. Helseforetaket.

Innafor desse ni (ti) har ein dei viktigaste aktørane når det gjeld samfunn-sikkerheit.

Vi ser vidare at det er to etatar som har ei regioninndeling med Møre og Romsdal saman med fylka sør for oss. Vi har og to etatar som deler fylket i to.

For 16 etatar er regioninndelinga slik at Møre og Romsdal er saman med Trøndelag.

Fylkeskommunen som tenesteprodusent og regional utviklingsaktør

Dagens oppgåver

Kapittel 4 i Meld.St. 22 2015-2016 slår fast at utgangspunktet for regionreforma er dagens fylkeskommunar, og at regjeringa vil bygge på dei roller, oppgåver og funksjonar som fylkeskommunane har i dag.

Fylkeskommunane er tenesteprodusentar, utøvarar av mynde, samfunnsutviklarar – og ein del av det norske demokratiet. Oppgåvene er både lovpålagnede og sjølvvalte, det vil si oppgåver som fylkeskommunen sjølv har prioritert på bakgrunn av lokale og regionale muleheiter og utfordringar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har derfor ei manfaldig oppgåveportofølge;

- Regional- og næringsutvikling
 - Regionalt samarbeid/partnarskapsarbeid
 - Næringsutvikling
 - Entreprenørskap
 - Fol og regionale forskingsfond
 - Samfunnsutvikling (inkl. tettstadprogram, byprosjekt, LUK, breiband, omstillingsskommunar)
 - Internasjonalt arbeid
 - Kraftforsyning, fornybar energi og petroleum
 - Forvaltningsoppgåver knytt til hausting av naturressursar
 - Vassforvaltning
 - Økonomisk støtte til og oppfølging av regionale utviklingstiltak/-prosjekt
 - Klima og miljø
- Kultur- og folkehelse
 - Drift og utvikling av Kultursekkene
 - Drift av Møremusikarordninga
 - Produsere skulekonsertar til grunnskolane i samarbeid med Rikskonsertane
 - Forvaltning av tilskotsordningar til frivillig organisasjonsliv og regionale kulturinstitusjonar
 - Drift og utvikling av Kulturrabatt for ungdom
 - Overordna ansvar for Ungdommens Kulturmønstring (UKM)
 - Vern og formidling av faste kulturminne
 - Ivareta museumsvesenet i fylke
 - Arbeidet med folkehelse
 - Forvaltning av speleemidlar til idrettsanlegg og kulturbygg
 - Stimulere til, og vere ein pådrivar for at innbyggjarane kan drive miljøvennleg friluftsaktivitet
 - Tilrettelegge for frivillig arbeid
 - Fylkesbiblioteket

- Utviklingsstøtte til kreative næringar, inkludert kunstnarar
- Samferdsel
 - Drift og vedlikehald av fylkesvegane
 - Trafikktrygging
 - Kollektivtilbodet, inkl. fergetilbodet
 - Skoleskyss
 - TT-ordninga
 - Transportløyve
- Utdanning
 - Vidaregåande skole
 - Fagopplæring i arbeidslivet
 - Vaksenopplæring
 - Karriererettleiing og Ungt Entreprenørskap
 - Pedagogisk-psykologisk teneste
 - Oppfølgingstenesta
 - Fagskolar
- Plan og analyse
 - Regional planlegging
 - Kommunal planlegging (plansamordning og planrettleiing)
 - Regional statistikk og analyse
 - Kart og fagdata
- Tannhelse
 - Gratis tannhelsetenester til barn og ungdom 0-18 år, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie
 - 19-20 åringar får tilbod om undersøking og tannbehandling til 25% av offentlege takstar
 - Tilbod om undersøking og tannbehandling for fengselsinnsette og personar i kommunal og statleg rusomsorg.
 - Tilbod til vaksne betalande pasientar.
- Administrative støttefunksjonar, inkl. forvaltning, drift og vedlikehald av bygg

Avdelingane i fylkeskommunen har vurdert korleis ny regioninndeling påverke dagens oppgåver, og korleis vi samhandlar i dag i løysinga av desse oppgåvene.

Tannhelse er ikkje tatt med i denne utgreiinga, da Stortinget har foreslått å legge denne tenesta til det kommunale nivået som del av kommunereforma. Vi viser til sak U-101/16 som vart behandla i fylkesutvalet 19. september i år; <http://einnsyn.mrfylke.no/motedag/index/2211>

Regional- og næringsutvikling

Regionalt samarbeid/partnarskapsarbeid

Partnarskap for verdiskaping samarbeider om å identifisere utviklingsmuligheter i Møre og Romsdal og arbeidsfordeler og samarbeider for iverksetting av tiltak for realisering av utviklingspotensialet. Handlingsprogram verdiskapning er partnarskapet sitt felles og forpliktande plan- og budsjett dokument.

Dagens regionale geografi og samansetting av partnarskapet gir god innsikt i faktiske forhold og tette regionale band mot næringslivsaktørar, verkemiddelapparat og andre utviklingsmiljø. Det er godt samspel og nærliek til verksemndene der verdiskapninga faktisk skjer, som er ein klar styrke for arbeidet med næringsutvikling.

Partnarskapet består av fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, LO, NHO, SIVA, KS og NAV. Alle organisasjonane, med unntak av SIVA, er organisert med eit regionalt kontor som dekker Møre og Romsdal fylke, og med eit oppdrag knytt til utvikling i Møre og Romsdal.

Med anna regional organisering må samordninga og arbeidet med prioritering av tiltak inn i ein ny konstellasjon. Det er ikkje utgreidd korleis dette skal løysast, og kva konsekvensar dette vil få. Erfaringa vår frå Regionalt Forskningsfond, der vi samarbeider med Trøndelagsfylka, er likevel ein indikasjon som tilseier at det å samarbeide med regionar med ulik næringsstruktur og fokus er svært tungvint og byråkratidrivande. Ein skal ikkje undervurdere betydninga av næringsstruktur, strategisk fokus, og verdien av nærliek i innovasjonssystemet for felles forståing av muligheter/utfordringar, rask respons og felles handlekraft.

Næringsutvikling

Dei dominerande næringane i Møre og Romsdal er marin, maritim, møbel og petroleum. Reiseliv, prosessindustri og landbruksbaset næringsmiddelinustri står sterkt i delar av fylket.

Med eit sterkt eksportretta og globalt konkurranseutsett næringsliv er behovet for løpande innovasjonsarbeid stort. Med mange små og mellomstore bedrifter er samarbeid viktig. Sterke næringsklyngesamarbeid er eit særtrekk i fylket, og denne forma for samhandling og utviklingsarena skaper varige lokaliseringsoptimaliseringar for nærings – og arbeidslivet. Eit anna særtrekk er den industrielle tilnærminga.

Fylket er tidleg ute med ny Forsknings- og innovasjonsstrategi basert på Smart Spesialisering-metodikk. Arbeidet er sterkt forankra i næringslivet og knytt til næringslivets behov. Det nære samspelet med næringslivet i strategiutvikling er mykje tydelegare enn i andre fylke.

Når det gjeld Reiseliv samarbeider Møre og Romsdal med Vestlandsfylka i Fjord Norge AS, som er eit samarbeid om utanlandsk marknadsføring. Vi samarbeider og med dei same fylka i NCE Fjord Norway, som er eit klyngesamarbeid for strategisk produktutvikling.

Næringsstrukturen i fylket er på mange område svært ulik våre nabofylke. Samhandlinga i innovasjonssystemet er tilpassa og utvikla med basis i dei behov næringslivet og arbeidslivet har.

Reiselivssamarbeidet med Vestlandsregionen fungerer bra, og er naturleg ettersom heile Vestlandet er ein del av fjordane, som er ei sterk internasjonal merkevare. Det er likevel heile tida ei utfordring å få merksemd til den nordlegaste delen av regionen. Administrasjonen er lokalisiert i Bergen, og det er ein langsstrakt region, noko vi merkar godt i utkanten av regionen.

Næringslivet i fylket er kjenneteikna ved personleg eigde bedrifter som har vaksse og blitt internasjonale suksessbedrifter. Mange av desse er kjernen i næringsklyngene. Dei representerer innovative og omstillingssyktige bedriftskulturar med flate strukturar og korte beslutningsvegar. Den personlege eigarskapen står sterkare i Møre og Romsdal enn i resten av landet. Andelen er også høgare enn i dei andre Vestlandsfylka. Personar og familiar kontrollerer halvparten av all verdiskaping i fylket, meir enn dobbelt så mykje som utanlandske og norske eigarar frå andre fylke gjer.

Det er tett kontakt og dialog mellom næringsmiljøa, akademia, forsking og offentleg forvaltning – ein unik styrke som vil bli rokka ved viss regionane blir endra.

Nye regionale grenser vil bidra til auka avstand og eit anna fokus og samspel. Unike fortrinn vil gå tapt, og krevje heilt andre konstellasjonar.

Både det regionale partnarskapet og næringslivet (styringsgruppa for FOI-strategien og andre sentrale næringsleiarar) er tydelege på at det er viktig å halde Møre og Romsdal samla som eigen region.

Entreprenørskap

Møre og Romsdal har ei unik organisering av arbeidet med entreprenørskap, hoppid.no. Ingen andre fylke har eit så integrert nettverk for entreprenørskap/etablerarhjelp, frå førstelinje til vekstbedrifter. I hoppid.no har vi med kommunane, Fylkesmannen, Innovasjon Norge og fylkeskommunen. I tillegg er næringshagane, inkubatorane og dei fleste næringsforeiningar/utviklingsselskap med på tenesta. Denne modellen har fått stor merksemd nasjonalt, og har inspirert andre fylke.

Arbeidet med entreprenørskap er ulikt organisert frå fylke til fylke, og det er også sterkt varierande kor aktivt fylkeskommunane deltek i det. Viss vi blir ein del av ein større region er det ikkje gitt at vår hoppid.no-modell blir valt som organisering av arbeidet. I ein større region kan det bli krevjande for fylkeskommunen å vere så tett på som vi er i dag.

På den andre sida kan det vere eit potensiale i å eksportere vår modell til ein større geografisk område, og å få kopla på fleire kunnskapsmiljø. Etter vår vurdering er likevel avstandsulempene større enn fordelane.

Fol og regionale forskingsfond

Regionalt forskingsfond Midt-Norge, RFF, vart oppretta i 2010 som ein del av forvaltningsreforma og skal mobilisere til auka FoU – innsats og styrke forsking for regional utvikling. RFF Midt-Norge dekker dei to Trøndelagsfylka og Møre og Romsdal.

Trøndelagsfylka går saman til ein region frå 2018, og det kan derfor gå mot ei deling av fondsregionen. Signal frå KD og KMD er at RFF Midt-Norge vil bestå ut 2017. Då er dei nye regiongrensene vedtekte, og departementa administrativt har muntleg sagt at ein då er innstilt på å splitte RFF Midt-Norge. Frå Møre og Romsdal har vi administrativt gitt positive respons til dette.

Samarbeidet i RFF Midt-Norge fungerer därleg pga at det er stor ulikhet i næringsstruktur og forskingsstruktur i Møre og Romsdal og Trøndelag. Dette gjer at fokus og strategisk innretning er svært forskjellig, slik at det heile vegen er drakampar grunna ulike syn på prioriteringar og strategisk innretning av utlysingar. Samarbeidet i ei slik regioninndeling blir arbeidskrevjande, byråkratiserande og lite kundevennleg.

Både fylkeskommunen, Forskningsrådet sin regionale representant, næringsmiljøa og forskningsmiljøa er klare på at eit eige RFF Møre og Romsdal ville vere meir effektivt og målretta. Den nasjonale evalueringa av RFF viser at departementet sin frykt for «lock in» og lågare kvalitet er ugrunna.

Samfunnsutvikling (inkl. tettstadprogram, byprosjekt, LUK, breiband, omstillingskommunar)

Når det gjeld samfunnsutvikling har fylkeskommunen tett kontakt med kommunane, tettare enn mange andre fylkeskommunar.

Arbeidet vårt byggjer på mål i fylkesplanen om vekst og utvikling i Møre og Romsdal. Prosjektet «Byen som regional motor» har utvikling av byane Ålesund, Molde og Kristiansund som fundament. Der jobbar vi no tett saman med byane, og desse har begynt å samarbeide om byutvikling meir systematisk enn før.

Tettstadprogrammet har gått sidan 90-talet, og fungerer godt fordi fylkeskommunen har god fagleg kompetanse og tett kontakt med kommunane.

Når det gjeld breiband er vi lite involvert. Vi informerer om tilskotsordning og vurderer søknader. Rådgjeving til kommunane blir utført av konsulentfirma aPoint på oppdrag frå oss.

LUK er ikkje eit eige prosjekt lenger, men vi jobbar framleis med utviklingsprosjekt og kompetanseheving innan tema som integrering, samfunnsplanlegging, næringsutvikling etc.

Omstilling rettar seg mot enkeltkommunar, der vi riggar prosjekt ved behov.

Arbeidet med samfunnsutvikling vil bli annleis i ein større region, fordi ein vil måtte arbeide med eit større geografisk område. Det kan bli vanskelegare å ha like god kontakt med kommunane, og halde ved like nettverk. I ein større region må ein kanskje ha nettverk inndelt etter fagtema, heller enn inndelt etter geografi? Det kan vere uehdig for den heilsakaplege utviklinga i regionen.

Internasjonalt arbeid

Fylkeskommunen har to hovedoppgåver i dag:

1. Mobilisere og legge til rette for at fylkeskommunen og aktørar i fylket deltek i internasjonalt prosjektsamarbeid. Arbeidet går i hovudsak ut på å mobilisere aktørar, motivere dei til deltaking og legge til rette for dette mellom anna gjennom kompetansehevande tiltak og nettverkssamlingar.
2. Bidra til å påverke viktige rammevilkår, t.d. gjennom deltaking i internasjonale og nasjonale organisasjoner og nettverk. Her samarbeider fylka på Vestlandet gjennom Vestlandsrådet (VR) for å samordne våre interesser.

Mobiliseringsarbeid overfor kommunar, skular, næringsaktørar og forskningsmiljø krev både høg kjennskap til deira utfordringar, lokale tilhøve og stor grad av personleg oppfølging over tid, t.d. ved besøk og ved deltaking på nettverksarenaer. Ein større region med større geografiske avstandar vil gjere det meir utfordrande å etablere godt samarbeid og skape engasjement. Prioriteringane mellom tematiske fokusområde i dei forskjellige delane av ein større region og geografi vil også kunne bli ei utfordring, og lokalkunnskap og lokale nettverk vil bli svakare.

Eit argument for ein større region har vore å bli meir «slagkraftig» i internasjonale interesseorganisasjonar som driv lobbyverksemrd opp mot EU, dvs Nordsjøkommisjonen og CPMR (Konferansen for perifere maritime regionar). Men dette er politiske arenaer som arbeider for å ivareta alle regionane sine fellesinteresser overfor EU, ikkje norske regionale særinteresser. Ein større region kan derimot auke sin påverknad i kraft av auka engasjement og ressursbruk på adm og politisk nivå for å bidra i organisasjonane sitt arbeid. Uansett geografisk utstrekning og tal på

innbyggjarar har imidlertid alle regionar/fylke ei stemme kvar i styrande organ (i dag har alle norske medlemsfylke ei stemme; større regionar, færre stemmer).

Ei regionreform, uansett form, vil få konsekvensar for det fylkeskommunale «felleseiget» av Vest-Noregs Brusselkontor (VNB) og på dei internasjonale verva som er fordelt mellom fylka gjennom Vestlandsrådet (t.d. representasjon i Europapolitisk forum, kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet). Ei erfaring vi allereie har gjort som ein av eigarane til VNB er at dei geografiske avstandane gjer det svært utfordrande å lage felles nettverks- og kompetansearenaer for dei tre fylka som kontoret dekkjer (reiseavstandane og –kostnadene er så store at det har vist seg å ikkje vere mogleg å samle eit større tal aktørar på ein plass).

Kraftforsyning, fornybar energi og petroleum

Oppgåver for å ivareta samfunnsutvikling innanfor kraftforsyning og forsyningstryggleik vert ivaretatt mellom anna gjennom fylket si rolle i regionalt kraftsystemutval. Utarbeiding av regionale kraftsystem-planar er heimla i forskrift om energiutgreiingar fastsett av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Kraftsystemutgreiinga dekker Møre og Romsdal fylke. Ved at Møre og Romsdal fylke er eit underskotfylke samstundes som vi er eit industrifylke, er kontakten vår med kraftforsyning og kraftkrevjande industri svært viktig.

Geografiske avstandar og fjordkryssingar er ei utfordring for tett dialog med både energiselskap og næringsliv.

Fornybar energi: Oppgåver knytt til fornybar energi strekkjer seg frå fjell til fjord og hav, vasskraft vind on- og offshore, havenergi, bioenergi og hydrogen. Fylkeskommunen er høyringsinstans, men òg konsesjonsstyresmakt innanfor mindre vasskraftutbyggingar i fylket.

Petroleum: Møre og Romsdal har to av fem ilandføringsanlegg for gass i Norge. I tillegg har vi både forsyningsbase, helikopterbase og driftsorganisasjonar i regionen vår.

Dialog med næringslivet funger godt med dagens struktur. Oppgåver av felles karakter over fylkesgrensene vert løyst i samarbeid gjennom Norskehavsrådet som er ei felles eining mellom fylka frå Møre og Romsdal til og med Nordland som har felles interesse for olje og gassverksemda.

Tilsvarande har ein samarbeid med Vestlandsrådet.

Ved ein større region er det naturleg å tenkte seg at òg energiutgreiingsområda vert tilpassa ny regionstruktur. Det vert lengre avstandar til dei lokale og regionale energiselskapa og næringslivet med dei utfordringane dette fører med seg.

Avstand til problemstillingane aukar faren for å miste fokus. Samstundes kan ein større region gje større slagkraft mot sentrale styresmakter. Utfordringane vert dei geografiske avstandane og kjennskap til lokale tilhøve.

Forvaltningsoppgåver knytt til hausting av naturressursar

Fylkeskommunen har forvaltning knytt til viltlevande marine ressursar, og lokale fiskerireguleringar. Ansvaret knytt til desse oppgåvene er avgrensa, og samarbeidet er i stor grad knytt til Fiskeridirektoratet sentralt. Unntaket er revisjon av hausteforskrift for tare i Møre og Romsdal der Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet regionalt er samarbeidspartar.

Ansvaret knytt til akvakulturforvalting er av meir omfattande karakter, og med ei relativt kompleks forvalting der det blir henta inn uttaler og vedtak frå sektormynde som kommunen, Fylkesmannen, Mattilsynet, Kystverket og Fiskeridirektoratet. I tillegg kjem uttaler om marine kulturminne frå NTNU vitskapsmuseet i Trondheim eller Bergen Sjøfartsmuseum (grensa for ansvarsområda mellom desse

går i Romsdalsfjorden). Dei regionale statsetatane Mattilsynet, Kystverket og Fiskeridirektoratet er organisert i midt-norske regionar som omfattar Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Møre og Romsdal fylkeskommune har eit godt samarbeid med alle sektormynde som inngår i havbruksforvaltinga i fylket, vi har t.d. hatt årlege møte der desse har vore invitert.

Oppdrettsnæringa sin struktur/eigarskap har ført til at det regionale samarbeidet er aukande i region Midt. Møre og Romsdal fylkeskommune deltek i Fylkeskommunanes akvakultursamarbeid (FAKS) som er eit samarbeid for å gjere akvakulturforvaltinga meir samordna mellom havbruksfylka (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark). Det er lite samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og fylka på Vestlandet ut over FAKS. Det har vore dialog mellom fylka i diverse høyringsuttaler på fiskeri og havbruk dei siste åra bl.a. grunna samarbeidet i Vestlandsrådet. Det er ikkje samarbeid mellom Møre og Romsdal og Oppland på dette feltet, men vi har sagt at vi kan støtte Oppland fylkeskommune i handsaming av akvakultursøknader.

Konsekvensane for akvakulturforvaltinga av ein større region saman med trøndelagsfylka vil ikkje vere vesentlege, med utgangspunkt i næringsstruktur på dette feltet og dagens regioninndeling hos sektormynda. Ei samanslåing vest-/sørover er mindre naturleg og vil måtte medføre endringer i regioninndelinga hos sektormynda. Av veteranære omsyn har NFD foreslått å dele kysten i produksjonsområde; Møre og Romsdal har ei sone som strekkjer seg frå Stadt til Hustadvika, og ei som omfattar Nordmøre og Sør Trøndelag. Dersom denne modellen blir innført vil det bli sett endå større krav til samarbeid mellom forvaltingsmynda både inne i og mellom ulike soner. Dagens regioninndeling vil ikkje vere til hinder for dette, og uansett kvar grensene går vil det vere naudsynt med godt samarbeid.

Vår vurdering er at oppgåveløysinga knytt til forvaltingsoppgåvene på seljakt, skulekvotar etc. ikkje vil verte vidare påverka av ei innlemming i ein større region.

Vassforvaltning

Ein vassregion består av eitt eller fleire tilstøytande nedbørsfelt med tilhøyrande grunnvatn og kystvatn som er sett saman til ei føremålstenleg forvaltingseining. Møre og Romsdal vassregion følgjer i stor grad fylkesgrensene, men omfattar mindre areal av Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Oppland fylke. Møre og Romsdal vassregion samarbeid med andre vassregionar i saker som gjeld forvalting av vassførekoststar ved felles grenser. Dagens regionstruktur samsvarer i all hovudsak med grensene for Møre og Romsdal vassregion, og fungerer dermed tilnærma optimalt med tanke på ei heilskaplig forvalting av vassressursane.

Økonomisk støtte til og oppfølging av regionale utviklingstiltak/-prosjekt

Fylkeskommunen får tildelt regionale utviklingsmidlar frå KMD, og fordeler dette på Innovasjon Norge, kommunale næringsfond og regional- og næringsavdelinga. Midlane kan brukast innafor det distriktpolitiske virkeområdet.

Vi har også økonomiske midlar frå det fylkeskommunale tiltaksfondet, som kan brukast i heile fylket.

Våre virkemiddel er kjende for målgruppene, og siste året har vi definert meir spissa tilskotsordningar, som har gjort våre satsingar tydelegare.

Dei regionale utviklingsmidlane er fordelt ut frå distriktsindeksen, som rangerer kommunane etter «distriktsulemper» som skal kompenserast. Storleik på regionen vil truleg ikkje påvirke dette.

Men ulik næringsstruktur og ulike utfordringar vil gjere behovstilpassing og spissing av satsingar vanskelegare. Med små midlar er tydeleg prioritering og spassing viktig for effekten av midlane.

Klima og miljø

Klimaarbeidet er eit komplekst og gjennomgripande fagfelt som ofte krev utstrakt samarbeid og at ein er tett på det lokale arbeidet for å skape raskare og varige effektar. Møre og Romsdal er eit vidt geografisk fylke med lange reiseavstandar, og har allereie med dagens struktur utfordringar på dette feltet. Det skjer no mykje positivt innan klimaarbeidet i alle delar av fylket, og det blir arbeidd målretta for å vidareutvikle samarbeidet mellom ulike myndigheter og aktørar, etablering/styrking av nettverk og knytte saman klimaarbeidet i hele regionen.

Mellom regionane er det etablert godt fungerande nettverk.

Trass i at fylkesadministrasjonen i dag ligg midt i regionen er det store geografiske avstandar. Ein større region vil forsterke desse utfordringane ytterlegare. Større avstand vil gjere det vanskelig å nå ut til lokale avgjerdstakrar, etablere samarbeid og skape lokale/ regionale engasjement som gir raske og varige klimaeffektar. Felles utfordringar på tvers av fylka kan løysast godt gjennom samarbeid. Det er til dømes eit aktivt fagleg nettverk for miljørådgivarar i alle fylkeskommunane.

Kultur- og folkehelse

Generelt om den regionale kulturpolitikken og kulturarbeidet

Hovudmålet for den nasjonale kulturpolitikken er å medverke til eit kvalitativt rikare samfunn, kor vi gjennom deltaking aukar forståinga av oss sjølv og det samfunnet vi lever i. Sentralt i denne samanhengen er mangfold, variasjon og ulike ytringsformer som speglar forskjellane i befolkninga. Kulturarbeid i distrikta, kulturell eigenaktivitet og differensierte tilbod til ulike samfunnsgrupper er prioriterte område.

Den regionale kulturpolitikken har gjennom langsiktig planlegging,rådgiving, tilpassingar og lokalkunnskap, utvikla fylkets kulturpolitikk til det den er i dag. Det er stor kulturaktivitet i fylket, og gjennom bruk av økonomiske tilskot har fylkeskommunen medverka til å utvikle eit godt kulturtilbod. Samtidig ser vi at fylket taper i kampen om statlege kulturkroner. Stadig aukande sentraliseringa styrkar denne problemstillinga.

Kultursektoren er eit anerkjent og mykje brukt verkemiddel for å fremje regional attraktivitet og samfunnsutvikling. Dei siste åra har kulturfeltet sin samfunnsrolle stått sentralt, både i høve til næringsutvikling, folkehelse og integrering. Dette er også synleg i fylkeskommunens prioriteringar i fylkesplanen. Å bruke kultur som verkemiddel for regional utvikling, krev kunnskap og evne til å gjere nødvendige tilpassingar, ikkje minst av omsyn til koordinering og likeverdige tenester uavhengig av kvar du bur i fylket.

Fylkeskommunen er godt rusta til denne oppgåva, då vi kjenner til behov og utfordringar innan det samla kulturfeltet i fylket. Ut frå oppdragets art, samarbeider kulturavdelinga på tvers i heile landet, og har dermed ikkje låst seg til samarbeid med bestemte regionar. Fylkeskommunen har opparbeidd seg nettverk og tillit nasjonalt, regionalt og ikkje minst lokalt. Gjennom tett dialog og nærliek til våre samarbeidspartar, har fylkeskommunen vore brubyggjar, samordnar og utviklar innan kulturfeltet i ei årrekke. Gjennom bruk av statistikk og systematisk planlegging, målretta prosjektilskot og faste driftstilskot har kulturavdelinga retta den regionalpolitiske innsatsen på tvers i heile fylke. God kjennskap og kunnskap til tilskotsmottakarane legg til rette for god tilskotsforvaltning. Dette har skapt levande lokalsamfunn der kulturaktivitetane står sentralt som identitetsbyggjar, både i by og land. Ein større region vil lite trulig makte å differensiere, tilpasse og ha god lokalkunnskap i det landskapet fylkeskommunen i dag opererer innanfor.

Kulturavdelinga har eit godt etablert samarbeid med fleire regionale statsetatarar. Særleg samlokaliseringa med Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir rom for godt samarbeid og gode resultat. Dette gjeld i høve til det arbeidet vi gjer for barn og unge, folkehelse og fysisk aktivitet og kulturarv/landbruk- og miljøvern. Det er gode tilbakemeldingar frå kommunane på dette, Kommunane opplever samarbeidet mellom fagområda som samkjørt. Nokre forbettingsområde er det. Dette gjeld til dømes Statens vegevesen og samarbeid innan folkehelseområdet, her kan fylkeskommunens kompetanse nyttast i større grad, særleg iht. utbyggingsprosjekt.

Det er til dels store, men overkomelege reiseavstandar i fylket i dag. Både dagens og framtidas virtuelle løysingar vil kunne handtere noko av utfordringane, men ikkje alle. Kulturinstitusjonar og arrangement krev eit visst innbyggargrunnlag for å sikre etterspurnad og utvikle differensierte tilbod. I Møre og Romsdal er det god variasjon i kulturtildoda, og undersøkingar av kulturpendlinga stadfestar at avstandane til ulike arrangement er akseptable.

Fokuset på differensierte kulturtildod har ført til en god tilvekst av ulike kunst og kulturarenaer. Møre og Romsdal fylkeskommune driftar fleire unike tilbod; Kulturrabatt for ungdom, Kunstsnerstipend, Arbeidsstipend innan visuell kunst, Bokbåten Epos, Kultursekk barnehage (23 kommunar) og Møremusikarordning. UKM (ung kultur møtes) har ein av dei beste påmeldingane i landet sett ut frå folketal. Vi driftar og utviklar Den kulturelle skulesekken (DKS), og koordinerer 120 parallelle produksjonar i løpet av eit år. «Kulturtorget» er etablert som eigen visningsarena, unik i sitt slag, der elevar og kulturkontaktar kan medverke til kva slags produksjonar som skal velje til komande skuleår. I 2016 er ein ny DKS-etat under utvikling («Kulturtanken»), og ein er ikkje kjend med resultata av denne omorganiseringa. Signalen går likevel ut på at regionen får eit større ansvar for innhaldet enn i dag, noko fylkeskommunen er rusta til å imøtekome. Dagens organisering gir rom for gode regionale tilpassingar, der det er mindre sjanse for at nyansar går tapt. I ein større region vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre eitt felles kulturtorg, og det vil vere vanskeleg å invitere til medverknadsprosess utan å dele regionen opp i mindre einingar.

Kulturfeltet er med på å skape identitet og historie. Lokal forankring og kompetanseheving gjennom nettverk gjev unik samhandling og løysingar på felles utfordringar. Omsyn til store og små kommunar og evne til differensierte og gjere lokale tilpassingar, gir ei velfungerande og effektiv forvaltning.

Drift og utvikling av Kultursekk

Drift og utvikling av Kultusekken er tilpassa tal kommunar, skolar og elevar i fylket vårt. Kultusekken nyttar tildelingsbrev frå kulturdepartementet som styringsdokument, og har tilpassa rutinar for å drifte Kultusekken på ein så hensiktsmessig og god måte som mogleg. Desse prinsippa gjeld for både kvaliteten på innhaldet og for strukturen i drifta.

Kulturtorget er ein naturleg og viktig del av Kultusekken slik den er organisert i dag.

Med dagens økonomiprogram som verktøy har driftsseksjonen lagt til rette for gode og hensiktsmessige oversikter over økonomien i Kultusekken. Dette ut i frå krav frå staten (løyving frå staten på eigen renteberande bankkonto) og behov for oversikt/kontroll, både i formidlingsseksjonen og driftsseksjonen. Alle turnear har sitt prosjektnr, og Kultusekken er delt inn i to tenestested (grunnskole og vgskole). Driftsseksjonen konterer alle faktura og godkjenner alle reiserekningar og anna løn knytt til heile drifta av Kultusekken.

Alle fylke har eigen DKS-administrasjon. Ein større region kan få ulike konsekvensar;

1. Kultursekken kan bli ein del av den nye regionen, og ta ansvaret for heile den nye regionen, dvs fleire kommunar, fleire skolar og fleire elevar
2. Kultursekken blir lagt ned, og DKS-administrasjonen som er knytt til eit anna fylke, tek over ansvaret for Kultursekkene.
3. Inngå samarbeid med den nye regionen, mogleg desentralisert arbeidsfordeling.

Ei harmonisering regionane imellom og ein prosess for å samkøyre oppgåver, kompetanse og struktur vil være nødvendig.

Det er verd å nemne at det i 2016 blir utvikla ein DKS-etat: Kulturtanken. Etaten har til oppgåve å blant anna å vidareutvikle DKS på landsbasis. Resultatet av denne omorganiseringa kjenner vi ikkje enda, men Kulturtanken har forventningar til at fylka/regionane tek eit større ansvar for innhaldet i Kultursekkene i framtida.

Gjennomføring av Kulturtorget blir ei utfordring om avstandane blir for lang for kommunane.

Drift av Møremusikarordninga

Møremusikarane er stasjonert i Molde, Ålesund og Sunndalsøra. I Ålesund og Sunndalsøra er musikarane knytt til kulturskolane i kommunen. Møremusikarane har ulik kompetanse og uttrykksform, men har til felles at dei støttar og utviklar både det frivillige og det profesjonelle musikklivet i kvar sin region.

Frilansordninga er ein naturleg og viktig del av Møremusikarordninga i dag. Både det profesjonelle og amatørverksemd får nytte av subsidierte musikktenester.

Nord-Trøndelag har og ei distriktsmusikarordning. Hovuddoppdraget deira er å gi kvalitetsmusikk til alle grunnskoleelevene i fylket)(DKS) i samarbeid med Rikskonsertene. Dei arbeider ikkje opp mot det frivillige kulturlivet slik våre Møremusikarar har som oppdrag. Blir regionen større, kan det bli lange avstandar for våre musikarane å sørve det lokale musikklivet i ein stor region.

Løysinga kan være å utvide frilansordninga, dvs. at budsjettet må aukast og musikarar frå den nye regionen blir med i ordninga. Skal frilansordninga ha ei effekt i ein større region, må profesjonelle musikarar i den nye regionen inkluderast i ordninga og budsjettet aukast.

Produsere skulekonsertar til grunnskolane i samarbeid med Rikskonsertane

I dag produserer Kultursekken 50 % av alle musikkproduksjonar som er ute på turne i regi av Kultursekken. Møre og Romsdal fylkeskommune får kompensert ei 50 % produsentstilling av RK/Kulturtanken.

RK/Kulturtanken har eit ønskje om at fylka produserer 100 % av alle musikkproduksjonar som skal på turne. Dette ønskjer vi velkommen, og har etterspurd ein økonomisk plan for dette. Denne utviklinga vil komme uavhengig av ei eventuell regionsreform.

Forvaltning av tilskotsordningar til frivillig organisasjonsliv og regionale kulturinstitusjonar

God kjennskap til og kunnskap om våre tilskotspartar gir god forvaltning av tilskota. Kunnskapen får vi m.a. gjennom gode rutinar for rapportering og kontaktmøte. Motakarane - og poteniselle mottakarar - kjenner også oss. Det inneber at det er enkelt for begge partar å ta kontakt. Dialog er viktig.

Vi har også kunnskap om resten av organisasjonen, og kan bruke kunnskapen målretta inn i tilskotsbehandlinga, f.eks samarbeid med andre avdelinger, slik som samareid med samferdselsavdelinga om kulturarangement.

Ein større region kan retninga på tilskota bli endra, ut i frå kva behov/utfordringar den nye regionen har innanfor alle kulturfelt og genre.

Vi har god kjennskap og i dag. Med ein større region, må vi opparbeide oss kunnskap om våre tilskotsmottakarar på nytt. Stor geografisk avstand vil vere ei utfordring.

Drift og utvikling av Kulturrabatt for ungdom

Det blir ikkje nytta store ressursar på å drifta Kulturrabatten i fylket vårt. Ressursane er godt innarbeidd hos alle aktørar som nyttar ordninga.

Ingen nabofylke har liknande ordning. Kulturkortet Plænti eksisterte i begge trøndelagsfylka så lenge departementet ga tilskott. Plænti hadde heilt anna innretning enn Møre og Romsdal sin Kulturrabatt.

Det er usikkert om ordninga vil kunne vidareførast i ein større region når det blir fleire aktørar som ønskjer å nytte ordninga.

Overordna ansvar for Ungdommens Kulturmönstring (UKM)

I dag er det Musikkrådet i Møre og Romsdal som driftar UKM for Kulturavdelinga i fylket vårt. UKM blir drifta godt. UKM i Møre og Romsdal har ei av dei beste påmeldingane i landet sett ut i frå folketalet. Musikkrådet er utviklingsorientert og legg ned ein betydelig eigeninnsats for å drifta UKM.

Alle fylke driftar sin UKM. Blir regionen større, kan vi/Musikkrådet få eit større ansvar. Kor store ressursar det er behov for er vanskelig å seie, då kommunane blir færre, og det kan medføre mindre arbeid på sikt. Om Møre og Romsdal fylkeskommune blir ein del av ein annan region, kan konsekvensen bli ein felles UKM-administrasjon. Konsekvensen kan også bli at Musikkrådet ikkje driftar UKM i framtida.

Vern og formidling av faste kulturminne

Kulturminneforvaltninga krev spesialiserte fagmiljø, oversikt og kapasitet, og det er avgjerande at kompetansen er samla på ein plass. Utbygginga av Nyhamna har vist verdien av å vere tett på og ha god lokalkunnskap. Det er høg aktivitet og stor kompleksitet innan fagområdet (ca. 1200 plansaker i året), noko som krev fleksibilitet i tilnærming. Gode løysningar kjem ofte som følgje av befaring og påfølgjande dialog mellom partane. Sjølv om det er behov for ytterlegare grenseoppgåvane føre til meir byråkrati, tap av lokalkunnskap og svakare dialog inn mot dei ulike aktørane. Kulturarven er ein sentral innsatsfaktor i verdiskapinga i fylket, og samarbeid med andre aktørar som har god lokal og regional kunnskap vil vere viktig også i framtida, t.d. by- og tettstadsutvikling, næringsutvikling og landsbruk/landskapspleie. Dette gjeld også for arbeidet med utvikling av kultur- og kreative næringar.

Dagens struktur fungerer veldig godt – og balanserer nærleik til kulturminna og kulturhistoria med distansen frå involverte partar på ein god måte. Det er muleg å nå heile fylket på ein dag, og vi har stort sett høve til å komme raskt ut ved behov.

Ei innlemming i ein større region blir langt på vei å gå tilbake til forvaltning av kulturminner frå før 1990, da alt som angikk arkeologiske kulturminner i Møre og Romsdal vart styrt frå Bergen og Trondheim (landsdelsmusea). Ein fordel vil kunne vere større fagmiljø, men utfordinga ligg i lengre avstandar som gir dårligare lokalkunnskap, dårligare dialog og kontaktflate mot publikum, seinare responstid og auka kostnadar.

Ivareta museumsvesenet i fylke

Møre og Romsdal fylkeskommune har ei samordnande rolle for musea i fylket, og skal medverke til samarbeid og samhandling mellom musea, andre tilskotspartar og mellom musea og andre kulturinstitusjonar. Fylkeskommunen held no på å lage ein regional delplan for musea i samarbeid med musea og andre lokale og regionale samarbeidsprtnarar.

Dagens struktur balanserer nærleik til musea i forhold til reisetid og lokal kunnskap på ei tilfredstillande og god måte.

I ein større region kan musea ha einingar på same størrelse som i dag, men kan også bli slått saman til større «regionmuseum».

Arbeidet med folkehelse

Organiseringa av folkehelsearbeidet i Møre og Romsdal har både nasjonal og internasjonal merksemd. Gjennom formaliserte partnarskapsavtalar og tett samarbeid om forankring av folkehelse i kommunanes planverk, er folkehelsearbeidet i Møre og Romsdal basert på forankring, medverknad og lokalkunnskap. Dersom dette arbeidet skal samkjøyrast med andre fylke i ein større region, kan det bety at vårt folkehelsearbeid blir satt fleire år tilbake i tid.

I ein større region vil vårt partnarskap med kommunane måtte vurderast og ev. forhandlast om på nytt. Anna administrativ lokalisering, vil kunne medføre lengre reiseavstandar og meir tidsbruk på reising. Alternativt at ein vel å prioritere mindre tid til fysisk å være til stades i kommunane. Eit større geografisk område vil stille større krav til å innhente kunnskap om lokale forhold, gjennom regelmessig kontakt.

Ein større region kan føre til større fagmiljø, men det vil ikkje nødvendigvis styrke det faglege fagleg samarbeidet. Dersom fagfolka blir sentralisert kan det gi mindre kontakt med kommunane og andre samarbeidspartar. Og folkehelse handlar nettopp om å få dette perspektivet inn i alle samfunnssektorar.

Forvaltning av spelemidlar til idrettsanlegg og kulturgebygg

Gjennom eit godt, systematisk samarbeid med idretten og kommunane, har Møre og Romsdal blant dei største tildelingane av spelemidlar, etter folketal. I 2016 var godkjent total søknadssum på idrettsanlegg 284 millionar kroner, og det vart 71 millionar kroner. I ein rapport som utviklinga av den statlege idrettspolitikken, kjem det fram at utvalet held fast med viktigeita av lokale og regionale behovsvurderingar, noko som fortsett sett krav til fylkeskommunen som koordinator og samordnar innan dette arbeidet.

Dagens geografiske og ansvarsmessige inndeling fungerer godt. Geografisk inndeling er handterbar med omsyn til reiseavstandar og nettverk.

Stimulere til, og vere ein pådrivar for at innbyggjarane kan drive miljøvennleg friluftsaktivitet

Dagens geografiske og ansvarsmessige inndeling fungerer godt. Geografisk inndeling er handterbar med omsyn til reiseavstandar og nettverk. Vi løyser våre oppgåver godt innafor dagens region.

Vi har i dag eit tett samarbeid med kommunar, friluftsråd og organisasjonar. Ein må bygge nye nettverk og lage nye samarbeidskonstellasjonar. Sogn og Fjordane og Sør Trøndelag har langt færre kommunar som er med i friluftsråd enn Møre og Romsdal.

Tilrettelegge for frivillig arbeid

Vi har i dag god kontakt med, og gir tilskot til eit stort spekter av frivillige organisasjonar. Dei fleste regionale ledda er innanfor dagens fylkesgrense. Nokre få går utover fylket anten nordover eller

sørover. Erfaringane er per i dag at det forenklar arbeidet når organisasjonane har same geografiske inndeling som regionale folkevalte nivået. Tilrettlegging for frivillig arbeid krev lokalkunnskap og nærliek. Større regionar, vil gi større avstandar.

Fylkesbiblioteket

Parallelt med ny biblioteklov, skjer det ei rivande utvikling innan fagfeltet. Gjennom prioritering av tiltak som felles logo og nettsideløysing og transportordning av bøker (NBT) for alle folkebiblioteka, e-bøker og kompetansehevande kurs, har fylkeskommunen fremma og koordinerte satsingar og ny løysingar. Dette har vore mogleg gjennom god lokalkunnskap og nettverk. Utfordringane til folkebiblioteka handlar om få ressursar og manglande modernisering av biblioteka. Det løysast ikkje av større regionar.

I dag er vegen kort til rådgivarane, og rådgivarane har lokal kunnskap om biblioteklokalra, bibliotekstatistikken og demografien. Biblioteka kan få hjelp med ulikt planarbeid i eiga kommune, søke prosjektmidlar, samlingsutvikling, utvikle biblioteka som lokale møteplassar og læringsarena, m.m.

Vi har mange små bibliotek i fylket. Om fylkesbiblioteket blir flytta, kan det føre til at færre bibliotektilsett vil delta på kompetansehevande arrangement.

Ein større region kan på den andre sida føre til større fagmiljø med breiare kompetanse og muligkeit for betre avtalar ved inngåing av større rammeavtalar med leverandører.

Utviklingsstøtte til kreative næringar, inkludert kunstnarar

Program for kreative næringar er tilpassa utfordringar og behov i næringa i Møre og Romsdal og dagens struktur fungerer for løysing av oppgåver per i dag. Samarbeid med Innovasjon Norge og andre fylkeskommuniar/fagmiljø har også fungert bra.

Moglegheiter i ein større region kan vere samarbeid med store aktørar, utdanningsinstitusjonar, tilgang til fagkompetanse, tilgang til internasjonale prosjekt, nye tilskotsordningar

Utfordringane kan bli at dei store byane vil kunne dominere satsinga, og tildele midlar/innrette satsinga i større byar/sentrale strøk. Det blir ei utfordring å finne vår plass og få flertal for løysingar i distrikta.

Dersom Møre og Romsdal blir ein del av ein større region, vil ein måtte bygge opp nettverk og samarbeidskonstellasjonar på nytt. Dette vil for ein periode sette satsinga på pause.

Samferdsel

Fylkeskommunen som transportetat

Regjeringa legg i stortingsmeldinga til grunn at nye folkevalte regionar skal ha ein tydeligare rolle som samfunnsutviklar. Dette føreset at staten vurderer si rolle overfor regionane. Med regional tilpassing av statlege virkemiddel, ressursar og oppgåver vil det kunne opne for at regionale prioriteringar blir tatt betre omsyn til i nasjonale prioriteringar. Eit døme her er Nasjonal transportplan.

Fylkeskommunane er med ansvar for fylkesvegar, ferjesamband og kollektivdrift ein stor transportetat. Likevel er ikkje fylkeskommunane involvert i arbeidet med Nasjonal transportplan på linje med andre transportetatar. Vi kan seie at det per i dag manglar ein kanal og eit plansystem kor fylkeskommunane på ein samla og strukturert måte kan få fram status, behov og

utviklingsmoglegheiter i den fylkeskommunale infrastrukturen. Dette gjer at det statlige nivået ikkje har tilstrekkeleg oversikt over dei regionale behova og moglegheitene (eit døme er ferjedrifta).

Internasjonalt engasjement

Møre og Romsdal fylkeskommunen deltek i dag i to internasjonale fora på samferdselsområdet; Transportgruppa i Nordsjøkommisjonen og Nordisk Transportpolitisk Nettverk (NTN). Både Nordsjøkommisjonen og NTN er samarbeidsforsa for politikkutforming og diskusjon innan transport og samferdsel.

Transportgruppa fungerer slik at ulike tema blir delt mellom møtedeltakarane og det er forventningar om at vi tek ansvar for delområde i samarbeid med andre. Erfaringane fram til no med gruppa er at det er ein sterk samanheng mellom internasjonale prosjekt dei ulike medlemmane deltek i, og kva område dei vel å ta på seg ansvar for. Slike prosjekt krev ressursar både til gjennomføring og oppfølging dersom fylkeskommunen skal oppnå noko. Møre og Romsdal fylkeskommune var partnar i TEN-TaNS prosjektet som såg på moglegheiter for tilskott frå EU til å opprette ei kommersiell båtrute frå Midt-Norge til kontinentet.

På noverande tidspunkt har ikkje fylkeskommunen prioritert å ha noko anna enn ei observerande rolle i transportgruppa i Nordsjøkommisjonen. Dette gjeld også i stor grad for NTN. På samferdselsområdet kan vi dermed seie at vi med dagens prioritering er for små til å ha rolla som døropnar og arenaskaper for kommunar, næringsliv, interesseorganisasjonar og frivillige organisasjonar gjennom internasjonalt engasjement. Med større regionar er det mogleg det vil vere større handlingsrom for eit større internasjonalt engasjement, men det vil som no vere avhengig av at slikt arbeid blir prioritert.

Lokal medverknad

Eit viktig kjenneteikn ved fylkeskommunen sine arbeidsformer er at politikkutforminga og oppgaveløsinga skjer gjennom samhandling og samarbeid med kommunane, frivillige organisasjonar, private aktørar mm. På samferdselsområdet vert det mellom anna arrangert regionale møter kor alle kommunar vert invitert til å komme med sine utfordringar og prioriteringar. Innspela er med å danne grunnlag for ma. investeringsprogram for fylkesvegar og ruteendringar. Medverknad frå involverte partar er viktige prinsipp som kan bli meir krevjande ved større regionar.

Drift og vedlikehald av fylkesvegane

Vegregionen omfattar Trøndelagsfylka og Møre og Romsdal, med ei vegavdeling i kvart fylke. Det inneber at «Sams vegadministrasjon» ser både heilskapen og samstundes kvart fylke sine utfordringar (Region Midt og vegavdelingane). For Møre og Romsdal sin del har vi i dag over 3000 km fylkesveg med stor kompleksitet samt 20 fylkesvegferjesamband som skal følgast opp i det daglege (drift/vedlikehald/fornying). For det operative arbeidet er det lite å vinne på å bli ein større region.

Dersom ein større region kan sikre tilgangen og kvaliteten til viktige hovedfartsårer (E6, E39, og RV70, E136, Rv15) kan dette vere ein fordel. Då er det særleg delar av Sogn og Fjordane og Oppland som er interessante for vår del.

I forhold til Trøndelagsfylka har Møre og Romsdal fylkeskommune eit vegnett som har større innslag av bruer og tunellar enn Trøndelagsfylka, i tillegg har vi eit langt større tal ferjestrekningars. Dette er vegelement som er vesentleg meir kostbare å bygge, drifta og vedlikehalde enn andre vegelement. Desse vegelementa har også gitt Møre og Romsdal fylke eit etterslep på vegnettet som er større enn Trøndelagsfylka sitt etterslep til saman.

I forhold til innbyggjartal har Møre og Romsdal ca. 37 % av det samla innbyggartalet til dei tre fylka. Om Møre og Romsdal skal drifte og vedlikehalde vegnettet på det nivået ein i har i dag og samstundes ta igjen etterslepet vil denne delen av regionen måtte ha vesentleg meir av fylkesvegmidlane enn innbyggjartalet skulle tilseie.

For å illustrere tala (KOSTRA)

	Møre og Romsdal	Sør Trøndelag	Nord Trøndelag	Sogn og Fj	Oppland
Kilometer veg	3099	2961	3003	2600	3032
Tal bruer	895	613	641	923	650
Tal tunnelar	62	14	13	142	3
Tal ferjesamband	20	6	6	6	1
Andel fylkesvegar med dårlig eller svært dårlig dekketilstand %	44,9	40,4	35,9	55	48,6
Netto driftsutgift vedlikehald pr. kilometer veg (1000 kr)	187 949	137 702	123 740	188 721	116 573
Vedlikehaldsetterslep (mrd kr)	5,6 mrd	2,4 mrd	1,5 mrd	4,0 mrd	1,5 mrd

Sidan Møre og Romsdal har mange fordyrande vegelement (bruver, tunnelar) har vi dei høgaste driftskostnadene pr. kilometer veg. Det er stor skilnad mellom Vestlandsfylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal og Oppland.

Trafikktrygging

Her har fylkeskommunen tett samarbeid med Statens vegvesen (SVV) og Trygg Trafikk. Det blir arbeidd både lokalt og regionalt, som over. Samarbeidet vil kunne halde fram i ein større region, men samhandlinga med lokale aktørar kan bli mri krevjande.

Kollektivtilbodet

Kollektivtilbodet er i dag drifta av Møre og Romsdal fylkeskommune. Med kollektivtilbodet meiner ein rutebil, hurtigbåtruter og fylkesvegferjer. MRFK har valt bruttokontrakt som kontraktform på alle nye anbod, og FRAM er vår merkevare.

I nord samarbeider Trøndelag fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om Kystekspressen. Ruta vert administrert av AtB. I tillegg går Mørelinjen til Trondheim, men dette er eit tilbod som er fullt og heilt finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune.

I sør har MRFK og Sogn og Fjordane samarbeid knytt til nokre fylkeskryssande bussruter.

Mot Oppland er det per i dag ikkje noko rutebusstilbod over fylkesgrensa. Raumabanen går over grensa men det er eit statleg tilbod.

Tabellen under viser nokre nøkkeltal for kollektivtrafikken. Av fylka vi samnaliknar oss med har vi den nest største produksjonen og naturleg nok den nest største etterspurnaden. Vi har ein effektiv produksjon samanlikna med dei andre fylkeskommunane. Netto driftsutgift pr km buss er lågast i landet med 21 kr/km.

	Møre og Romsdal	Sør Trøndelag	Nord Trøndelag	Sogn og Fj	Oppland
Antall reiser; buss båt, ferje	19 933 291	35 671 635	4 556 101	4 930 203	8 320 693
Produksjon km; buss, båt, ferje	20 876 000	21 767 000	5 532 000	12 008 000	10 933 000
Netto driftsutgift pr.km buss	21	30	39	25	31
Netto driftsutgift pr km ferje	268	95	429	268	312
Netto driftsutgift pr km båt	125	106	-	121	-

Trøndelag har lagt alle kontrakter knytt til hurtigbåt, rutebil og ferje til AtB AS. Trøndelag har altså eit administrasjonsselskap for kollektivtrafikken. Oppland har også eit administrasjonsselskap. Begge desse har ulik selskapsform ihht Møre og Romsdal fylkeskommune.

I Sogn og Fjordane er organiseringa nokså lik den vi har i Møre og Romsdal, men fleire oppgåver er lagt over til operatør enn i FRAM.

Ved endring i regionane må aktuelle kontraktar overførast til AtB, Opplandstrafikk og/eller Kringom.

Ei utfordring kan vere at kontraktane ikkje er tilpassa dei nye regiongrensene og enkelte kontraktar vil gjelde i ulike regionar. Dette vil krevje mykje samarbeid på tvers av regionane, og erfaringar hittil har vist at det er vanskeleg/arbeidskrevjande å samarbeide om kontraktar/tilbod.

Tilrettelegging for kollektivtrafikk krev lokalkunnskap og nærliek. Dersom kollektivtrafikkansvaret blir flytta ut av regionen blir vi for lite «Hands on» i høve til lokale behov.

Det har skjedd ei stor strukturendring innanfor ferjedrifta. I dag er det berre 4 aktørar på tilbodssida, medan tal innkjøparar er blitt fleire. Dette har blitt sett på som ei utfordring frå NHO sjø si side.

Det statlege nivået har ikkje tilstrekkeleg oversikt over dei regionale behova innanfor ferjedrifta. Møre og Romsdal er det største ferjefylket i Norge og har gjennom fleire år hatt store utfordringar knytt til kapasitet og kostnadsauke i fylkesvegferjedrifta. Verken kostnadsauken på driftskontraktar eller utvida kapasitet for å møte behova i trafikken blir kompensert gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane slik det er utforma i dag. Dette er i stor kontrast til riksvegferjesambanda kor løvingane er aukakraftig dei siste åra i takt med utvida kapasitet gjennom kostnadsdekning. Staten har ved framlegg til kommuneproposisjon dei siste åra omtalt utfordringane med overføring til ferjedrift i inntektssystemet, utan å kome fram til ei løysing.

Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider med eit forslag til ein ny standard for ferjedrifta. Gjennom dette arbeidet vil vi:

- Arbeide for standardisering av ferjemateriell for å oppnå lågare prisar og auka fleksibilitet i ferjeflåten
- Legge til rette for innovasjon for å få fram nye og betre løysingar (her under meir miljøvennlege ferjer).

- Sikre eit betre tilpassa ferjetilbod og unngå dyre tilleggskjøp, ved å legge framtidsbaserte analysar av behov til grunn for anbodsarbeidet.
- Legge til rette for samordning av ferjesambanda i fylket, dvs. sjå det totale ferjetilboden i fylket under eitt (ikkje berre samband for samband)
- Danne grunnlag for dimensjonering av statlege overføringer til ferjedrift basert på objektive kriterier

Ein ambisjon med dette arbeidet er også å danne grunnlag for ein nasjonal ferjestandard. Dette arbeidet er likevel særskilt krevjande å drive for ein «liten» fylkeskommune. Fordi behova til ferjefylka er ulike er det vanskeleg å finne objektive kriterier. Arbeidet i seg sjølv krev ressursar som er sårt tiltrengt i den daglege fylkeskommunale drifta. Det er likevel viktig at ferjefylka sitt i førarsete i eit slikt arbeide fordi vi veit best «kor skoen trykker».

Standardisering og samordning er viktig i høve til kjøp av ferjetenester. Dette må løysast gjennom samarbeidsordningar mellom innkjøparar (stat og fylkeskommunar). Større regionar løyser ikkje desse utfordringane.

Skoleskyss

Skoleskyss inngår stort sett som ein del av bussanboda. Noko skoleskyss går på hurtigbåt og ferje. Individuelt tilrettelagt skoleskyss vert handtert av operatør, mens Møre og Romsdal fylkeskommune gjer einskildvedtak etter forvaltningslova.

	Møre og Romsdal	Sør Trøndelag	Nord Trøndelag	Sogn og Fj	Oppland
Antall reiser grunnskole og vidaregåande	5 239 678	5 346 389	3 759 780	2 492 130	4 956 380

For skoleskyssen er same utfordringane som på punktet om kollektivtrafikk. I tillegg kan det bli fleire elevar som vil gå på vidaregåande skule i en annan region.

TT-ordninga

Ordninga er basert på ei klar arbeidsdeling mellom fylkeskommunen og kommunane, og den fungerar godt innanfor dei geografiske avgrensingane som er pr. i dag.

	Møre og Romsdal	Sør Trøndelag	Nord Trøndelag	Sogn og Fj	Oppland
Antall brukarar	7 293	7 230	-	-	2 645
Netto driftsutgift pr brukar	kr 1 668	kr 2 761	-	-	kr 2 988

Eit større geografisk område med om lag same tal kommunar vil fungere like godt og kanskje betre, forutsatt at arbeidsdelinga mellom region og kommunar blir vidareført. Det pågår no arbeid i regi av Samferdselsdepartementet med å utvikle ei nasjonal TT ordning.

Transportløye

Godsløye er allereie sentralisert, her har vi fått ein instans for heile landet.

Behovsprøving av drosjeløye og oppfølging av desse treng ein viss grad av nærleik som sikrar god kunnskap om den enkelte kommune.

Løyver for rutegåande transport er tett knytt til anbodsprosessane. Den som vinn anbodet får også tildelt ruteløye – sjå under kollektivtilbodet over.

Ein større region med om lag tilsvarende tal kommunar bør vere handterbart for godsløye. For rutegåande transport blir det same utfordring som for kollektivtilbodet m.o.t. lokalkunnskap og nærleik.

Utdanning

Vidaregåande skole

I vidaregåande opplæring knyter det seg flest utfordingar til yrkesopplæringa. Gjennomføringsgraden for dei som vel eit yrkesfagleg løp har gjennomgåande vore langt lågare enn for dei som vel eit studieførebuande løp. Fråfallet kan skje gjennom heile opplæringsløpet, og det er derfor viktig at skoleigar har eit godt system for rettleiing av søkjarar, for pedagogisk utviklingsarbeid, for formidling til læreplass, for oppfølging av lærebodrifter og for opplæring av dei som på eit eller anna nivå har falle frå.

Eit sentralt mål for regionreforma er å utvikle strategiar for å imøtekome behova i arbeidsmarknaden for kompetent arbeidskraft. For vidaregåande opplæring betyr dette at vi må ha ei god samhandling mellom fylket som skoleigar og arbeidslivet. Møre og Romsdal er framleis eit stort industrifylke, og yrkesopplæringsnemnda og fagskolestyret er med å leggje premissane for tilbodssstrukturen innanfor yrkesfaga. Den nærleiken til dei enkelte lærebodriftene som er utvikla av fagopplæringsseksjonen i fylkeskommunen, skolane og dei bransjevisse og kommunale opplæringskontora har gjort at gjennomføringsgraden for yrkesfaglege elevar/lærlingar ligg langt over landsgjennomsnittet. Vi er redd dette tette nettverket kan bli skadelidande dersom fylket blir ein del av ein større region. Nedanfor følgjer nokre grunnlagsdata om vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal som viser at fylket er stort nok til å gi ei brei og effektiv opplæring i samsvar med ønska til søkerane og behovet for kompetanse i arbeidslivet, og samtidig lite nok til å oppretthalde ei kort styringslinje og tette nettverk mellom dei ulike aktørane.

- 1) «Stort nok»
 - a) Om lag 10.000 elevar er mange nok til at fylket kan tilby alle vg1-program og dei aller fleste programområde på vg2. Om lag 90 % blir tekne inn til sitt primært valde vg1-program. Ungdommen i MR får ikkje eit betre opplæringstilbod om fylket blir del av ein større region.

Elevane i fylket fordeler seg på fire område (Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre, Søre Sunnmøre). Få søker ut av sitt inntaksområde, sjølv om dei står fritt til å søkje den vidaregåande skolen dei vil. I grenseområda mot Sør-Trøndelag har elevane hatt høve til å søkje skolar i Sør-Trøndelag, men svært få har gjort det. Berre 2.8 % av elevane frå MR går på vidaregåande skole i eit anna fylke (landsgjennomsnittet er 4.4 %). Møre og Romsdal framstår derfor som ein naturleg region for ungdom som søker vidaregåande skole.

- b) KOSTRA-tal viser at Møre og Romsdal er driftsøkonomisk effektivt. Fylket brukar mindre enn landsgjennomsnittet til leiing og fellesutgifter, mens vi brukar meir enn landsgjennomsnittet på lønn til pedagogisk personale. Ei innlemming i ein større region kan medføre at den administrative effektiviteten blir mindre.

- c) Denne driftsøkonomiske effektiviteten greier vi å oppretthalde sjølv om vi har ein svært desentralisert skole- og tilbodssstruktur. 21 ordinære vidaregåande skolar er slik fordelt at dei aller fleste har eit breitt tilbod av vg1-program innanfor pendlaravstand på 45 minuttar. Eventuelle strukturelle effektiviseringstiltak vil fort medføre nedlegging av dei minste vidaregåande skolane i indre strok, noko som vil gjere fleire 16-åringar til hybeluarar.
- 2) «Lite nok»
- a) Fylket er ikkje større enn at fylkesutdanningssjefen kan ha personalansvar for alle dei 23 rektorane og det er mogleg for skoleeigar og skolane å samhandle tett. I ein større region med 70-100 vidaregåande skolar fordelt på eit stort geografisk område vil det tvinge seg fram eit administrativt mellomledd mellom skoleeigar og skolane, noko som vil svekke effektiviteten og lett føre til uklåre ansvarslinjer. Vi har derfor ikkje tru på at ein større region vil medføre meir effektiv tenesteyting.
 - b) Fylkeskommunen har dei seinare åra prioritert investeringar i skolebygg svært høgt (vi ligg over landsgjennomsnittet i investeringar per innbyggjar), noko som gjer at ein etter kvart har fått ein moderne og tenleg bygningsmasse. Vi er redd det blir vanskeleg å oppretthalde eit så ambisiøst investeringsprogram dersom fylket blir del av ein større region.
 - c) I brutto driftsutgifter per elev ligg Møre og Romsdal under gjennomsnittet i Midt-Noreg og langt under Sogn og Fjordane. Denne effektiviteten har vore utvikla over mange år og skuldast for ein stor del tett oppfølging frå skoleeigar.
 - d) Møre og Romsdal har betre gjennomføringsgrad enn landsgjennomsnittet. Av dei som begynte i vidaregåande skole i 2010, hadde 76,1 % fullført vidaregående opplæring i 2015. Berre tre fylke hadde betre gjennomføringsgrad enn Møre og Romsdal: Oslo, Akershus og Sogn og Fjordane. Dette resultatet skuldast ikkje minst at skoleeigar og skolane har utvikla og følgje opp konkrete og evaluerbare kvalitetsmål.

Fagopplæring i arbeidslivet

I Møre og Romsdal vel ein stor del av 16-åringane yrkesfaglege utdanningsprogram (55 % mot 51 % i resten av landet). For å kunne gi ei fullgod opplæring til alle har fylkeskommunen utvikla eit tett samarbeid med opplæringskontor og lærebedrifter. Yrkesopplæringsnemnda er samansett av aktørar som har førstehands kjennskap til arbeidslivet i fylket.

Møre og Romsdal har få lærlingar i andre fylke (7,7 % mot 13 % i fylka samla). Det viser at vi er i stand til å finne læreplass i eige fylke til dei aller fleste søkerane. Det er såleis lite å hente på bli del av ein større region.

Fagopplæringa i Møre og Romsdal er driftsøkonomisk effektiv. Gjennomsnittleg kostar ein lærling i Møre og Romsdal 65.000 kroner mot 71.000 i fylka utanom Oslo. 70 % av søkerane til læreplass blir formidla.

Vaksenopplæring

Dei vaksne som tek fag i vidaregåande opplæring har høg gjennomføringsgrad (15 % over landsgjennomsnittet). Fylkeskommunen gir eit tilbod om realkompetansevurdering som svarar til etterspurnaden.

Det er i samarbeid med arbeidslivet utvikla vaksenopplæringstilbod innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram i alle delar av fylket.

På vaksenopplæringsfeltet er det svært viktig at opplæringstilboda er nær brukarane, av den grunn er det lite sannsynleg at det er stordriftsfordelar å hente ved å vere del av ein større region.

Karriererettleiing og Ungt Entreprenørskap

Det er oppretta sju senter for karriererettleiing for vaksne i fylket. Fordi avstandane i fylket er så store, er det nødvendig å ha ei så desentralisert teneste for å nå aktuelle brukarar. Det er viktig med tett oppfølging frå skoleeigar av så små kompetansemiljø, noko som let seg gjere når regionen ikkje er større enn han er.

Fylket har eit samarbeid med dei to trønderfylka om kvalitetshaving av rettleiingstenesta i grunnskolen. Vi kan ikkje sjå at dette samarbeidet har noko å tene på at fylka blir slått saman til ein region.

Ungt Entreprenørskap har gjennom tiltak som elevbedrifter og Karrieredagane utvikla eit sterkt nettverk mellom skoleeigar, næringslivet og engasjerte lærarar. Fordi fylket ikkje er større enn det er, kan ein oppretthalde og vidareutvikle desse relasjonane gjennom hyppig kontakt. Resultatet er at fylket alltid har hatt mange og kvalitativt solide elevbedrifter.

I tillegg får elevane i grunnskolen gjennom Karrieredagane og gjennom å hospitere i vidaregåande skole eit betre grunnlag for å velje vidaregåande utdanning. Dett er laga forpliktande opplegg for elevane, skolane og bedriftene som sørger for at læringsutbyttet av Karrieredagane og hospiteringa i vidaregåande skole blir så godt som råd.

Dei nettverka som er etablert mellom skolar, kommunar og aktuelle bedrifter, er skjøre, og fylkeskommunen har ei sentral rolle som pådrivar og støttespelar. Dette kan bli krevjande å oppretthalde og vidareutvikle innanfor ein større region.

Pedagogisk-psykologisk teneste

Vi har ei gjennomgående PP-teneste i fylket. Det betyr at fylkeskommunen kjøper tenester av 14 kommunale PP-kontor. Avstandane gjer det nødvendig å ha ei desentralisert teneste, men det er viktig at skoleeigar har eit tett samhandling med det enkelte kontoret for å sikre at tenestene held mål kvalitativt. Denne samhandlinga vil bli vanskelegare å få til dersom regionen blir vesentleg større.

Oppfølgingstenesta

Denne tenesta er også organisert i fire regionar med koordinering frå skoleeigar. Denne tenesta kan, til likes med fleire andre tenester, få ei kronglete styringslinje dersom regionen blir geografisk svært stor.

Fagskolar

Fagskole er høgt prioritert i Møre og Romsdal. Det er to fagskolar i fylket med delvis overlappande tilbod. Sjøoffiserutdanning er kostnadskrevjande og dei nasjonale overføringane dekkjer ikkje kostnadane. Fylket skyt derfor inn om lag 8 millionar kroner årleg for å halde i gang opplæringstilboda både i Ålesund og Kristiansund. Det er uvisst om det innanfor ein større region er mogleg å oppretthalde tilbod både i Kristiansund og Ålesund.

Plan og analyse

Regional planlegging

Regionale planar skal vere samarbeidsarenaer for samfunnsutvikling i fylket. Gjenomm involvering og medverknad får vi fleire aktørar enn fylkeskommunen til å ta ansvar for å iverksetting av mål og tiltak. Viktige samarbeidsaktørar er kommunane, Fylkesmannen, andre regionale statsetatar, næringslivet, FoU-miljø, organisasjonar/frivillig sektor, kulturinstitusjonar, og andre aktørar lokalisert i fylket. Godt samarbeid krev at desse partane blir kjente med kvarandre, og blir klar over kva ressursar dei ulike kan legge inn i utviklinga av samfunnet Møre og Romsdal. Å møtes fysisk og bli kjent bygger også tillit som er nødvendig for godt samarbeid. Med 36 kommunar og lange reisetider er dette allereie ein krevjande oppgåve med dei grensene fylkeskommunen har i dag.

Samarbeidsaktørane for den regionale utviklinga er i dag, med unntak av nokre regionale statstata, delt inn etter dei same geografiske grensene som fylkeskommunen, noko som gjer samarbeidet enklare. Vi har same fokus – Møre og Romsdal skal vere eit godt fylke å bu i, drive næring i og besøke.

Vi samarbeider med nabofylka på område der vi har felles interesser og utfordringar – det gjeld på samferdsel, reiseliv, internasjonalt arbeid og villreinforvaltning, samt at vi deltek i kommunane sitt arbeid med interkommunale sjøarealplanar, der nokre kommunar i nabofylka blir involvert.

Fylkesgrensene til Møre og Romsdal fell saman med inndeling av bu- og arbeidsmarknadsregionane, dette gjer behovet for plansamarbeid med nabofylka mindre.

Det er stor forskjell på korleis nabofylka har valt å løyse oppgåva som regionalt planmynde. Organisering, korelis planressursane blir nytta, kva planar som blir prioritert og hovudmåla for den regionale utviklinga er ulike. Dette speglar at det regionale folkevalte nivået har gjort dei prioriteringane dei meiner best tener eige fylket - ut frå lokale og regionale behov og ønskjer.

I Hordaland er eit av dei prioriterte måla i regional næringsplan korleis få ein velfungerande Bergensregion. I regional planstrategi er eit hovudmål Samarbeid i ein sterk vestlandsregion.

Trøndelagsfylka har hatt felles fylkesplan sidan 2005. Trondheim kommune har vore medansvarlig aktør. Også her er det fokus på korleis Trondheim kan skape vekst for heile regionen.

I Sogn og Fjordane er hovudmålsettingane befolkningsvekst, gode kommunikasjonar og utjamning av avstandsulemper.

I Oppland er det grøne skiftet og næringsutvikling sentrale prioriteringar.

Dersom Møre og Romsdal skal inngå i ein større region, vil det gi store samordningsutfordringar – der enno fleire ulike behov skal møtast i same planprosess. Å få til semje om felles prioriteringar i regionale planar blir tidkrevjande. Det blir også vanskelegare for lokale organisasjonar, institusjonar og kommunar å delta i dei regionale planprosessane når avstandane blir enno større.

Om ikkje dei lokale aktørane opplev at dei regionale planane speglar deira interesser og behov kan det gå utover gjennomføringa av planane.

Til slutt er det et poeng at uansett kor grensene til det folkevalte regionale nivået blir sett, så vil det vere samfunnsområde der det vil vere behov for samarbeid om planar på tvers av regiongrensene.

Kommunal planlegging (plansamordning og planrettleiing)

Møre og Romsdal er blant fylka som er mest aktive med omsyn til uttalar til kommunale planar. Våre planrettleiarar kjenner tilhøva i kommunane godt og blir inviterte til kommunane når dei skal til med nye kommuneplanar eller andre større planar. Kompetansen vår er etterpurt, og det er ei prioritering å vere tilgjengeleg for kommunane. Vi trekker også med andre relevante fagmiljø i fylkeskommunen i møte med kommunane og i behandlinga av plansaker.

Kor involverte vi er, avhenger likevel av kva initiativ den enkelte kommune tek, om dei ber oss om råd og nyttar regionalt planforum.

I ein større region vil avstandane til kommunane auke og samhandling blir meir krevjande. Det vil bli meir reiseverksemrd både for planleggarar i regionen og i kommunane. Det kan også gå utover lokalkunnskapen hos planrettleiarane om dei bli lokalisiert langt frå kommunane dei skal hjelpe. Det kan føre til færre initiativ frå kommunane om behov for rettleiing, noko som kan føre til fleire motsegn og langdryge planprosesser.

Regional statistikk og analyse

Dette er eit prioritert område hos oss. Vår statistikk er mykje nytta både av interne og eksterne aktørar i Møre og Romsdal. Og det er målet med vår statistikkproduksjon – den må presenterast slik at den er enkel for andre å nytte – og vi må rettleie i bruken av statistikk. Vi når ut til mange, men

etterspurnaden etter denne kompetansen er stor, og Møre og Romsdal er allereie for stort til at vi klarer å stille opp på alle møte/arrangement vi bli invitert til.

Det er nødvendig med lokalkunnskap for å kunne forstå og forklare dei utviklingstrekka som statistikken viser. Kunnskapen om lokale forhold i Møre og Romsdal er vanskelegare å halde ved like om ein bur i Trondheim eller Bergen – eller Lillehammer.

Kart og fagdata

Møre og Romsdal fylkeskommune legg til rette for bruk av stadfesta (geografisk) informasjon. Dette gjer vi gjennom verktøyet GisLink. Dette er ein samordna kart- og fagdatateneste til bruk i lokal og regional forvaltning og for publikum.

GisLink er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Sør-Trøndelag Fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Det er tett samarbeid mellom GIS-koordinatoren hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal og vår GIS-koordinator.

Dette er eit fagområde der fylka er tent med å samarbeide, og det kan gjerne vere fleire enn det har vore til no. Den beste løysinga her er at det kjem ein nasjonal standard for kart- og fagdatatenesta og ikkje at fylka – eller regionene – har kvar sine løysingar.

Bygg og vedlikehald

Vi har i dag desentralisert all forvaltning og drift av bygningsmassen. Dette fungerer relativt dårleg noko tilstandsanalysane og vedlikehaldsetterslepet viser. Derfor blir det no utarbeidd ein eigendomsstrategi som vil føre til endringar i ansvarsforholda.

Framleis vil fylkeskommunen vere ein liten eigendomsforvalter og mangle spisskompetanse innan nokre område.

Utfordringa ligg i den geografiske spreiinga på bygga og tilstrekkeleg kompetanse/ressursar i nærleiken av lokaliteten.

I ein større region vil vi kunne utvikle spisskompetansar og større kompetansemiljø. Vi jobber derimot med samarbeid med dei største kommunane i fylket for på den måten å kunne støtte kvarandre på sikt.

Ei samanslåing vil gjere oss større i forhold til lokale aktørar, men løyser ikkje utfordringa med kompetanse og ressursar ute på den enkelte lokalitet.

Avstand mellom forvaltar og drifter blir enno større enn i dag, noko som kan gå ut over samhandlinga og felles kompetansebygging.

Nye oppgåver Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver.

I kapittel 7 i Meld.St. 22 (2015-2016) er det trekt opp kva nye oppgåver regjeringa meiner ar aktuelt å legge til det regionale folkevalte nivået. Verdt å merke er at nokre av desse oppgavene allereie er i vår portofølge. Lista frå regjeringa – som Stortinget slutta seg til - er som følger:

Kulturområdet:

- Fylkesmannens ansvar og rolle innan friluftsliv, m.a. Skjærgårdstjenesten.
- Riksantikvarens oppgåver knytt til Kulturminnelova, der omfanget av saker er med å styrke kompetansemiljøa regionalt. Dvs forvaltning av dei fleste freda kulturminna
- Ansaret for å forvalte vedtaksfreda kulturminne blir utvida til også å omfatte dei fleste forskriftfreda bygningar i statleg eige.
- Forvaltning av verna fartøy som er «listeført»
- All planrelatert ivaretaking av kulturminneinteresser skal samlast på regionalt nivå, inkludert høve til å gi dispensasjon frå automatisk fredning i samband med planbehandlinga
- Riksantikvarens tilskotsmidlar til bevaringsprogramma (vurderast frå 2020)
- Forvalte nye tilskotspostar (skal utgreiast)
- Ansvar for og finansiering av institusjonar der det i dag er delt finansiering (skal utgreiast)

Utdanning og næringsutvikling:

- Ansvar for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale virkemiddelaktørar for forsking, innovasjon og næringsutvikling
- Styrke dei regionale forskingsfonda – som får same geografiske inndeling som dei folkevalte regionane
- 2-årig forsøk med ansvar for regionale næringsprogram for landbruket som i dag blir forvalta av Fylkesmannen
- Interkommunale eller regionale sjøarealplanar
- Utvikle regional kompetansepolitikk – systematisk koordinering av ressursane på regionalt nivå (eigentlig ikkje ei ny oppgåve)
- Tettare kopling mellom universitetets og høgskolane sine Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og dei folkevalte regionane/den regionale kompetansestrategien

Samferdsel:

- Administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon)
- Kjøp av innanlandske flyruter
- Eigarskap og tilskot til statlege fiskerihamner
- Koordineringsansvar for utbygging av digital infrastruktur

Integrering:

- Styrke det regionale folkevalte nivået si rolle i integreringsarbeidet i samband med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.

Kultur

Forvalte nye tilskotspostar

Kulturavdelinga har god kunnskap og kompetanse om kulturlivet i fylket. Vi har oversikt over behov og potensiale som ikkje er tatt ut. Dagens struktur gir nærleik til aktørar.

Overføring av ansvarsforhold og finansiering kan medføre større kompetanse i regionen vår, større medråderett og tilpassa tilskot ut i frå kva utfordringar som er i regionen. Ein annan konsekvens, er at regionen vår får ein større del av dei nasjonale tilskota. Vår del i dag er låg.

Ansvar for og finansiering av institusjonar der det i dag er delt finansiering

Tilskot frå statleg hold gjer automatisk fylka som tilskotspart utan å kunne påverke.

For vår del gjeld dette dei store kulturinstitusjonane og musea. Til kulturinstitusjonane er finansieringa basert på skriftelege avtalar med stat/fk/kommune. Til musea er finansieringa ikkje basert på skriftelege avtalar, men godt innarbeid og fordelt mellom stat/fk/kommunar.

Gjennomgang av ansvarsforhold og finansiering av institusjonane i fylka, kan gjere at fylka/regionane kan utøve ein meir heilskapleg kulturpolitikk i sin region.

Dersom større regionar, må vi eventuelt inngå nye avtalar.

Fylkesmannens ansvar og rolle innan friluftsliv, m.a. Skjærgårdstjenesten

Med utgangspunkt i oppgåver kulturavdelinga alt løyser, vil dette vere oppgåver vi kan handtere godt. ein føresetnad er overføring av ressursar (personell og økonomi).

Arbeidet med friluftsliv krev synfaring og møte med kommunar, lokalmiljø og natur-utfordringar. Løysbart med organisatoriske ressursar.

Riksantikvarens oppgåver knytt til Kulturminnelova, der omfanget av saker er med å styrke kompetansemiljøa regionalt. Dvs forvaltning av dei fleste freda kulturminna

Det ligg ei stor utfordring i delegeringa av all mynde til regionalt nivå, inkludert «frigjeving» av automatisk freda kulturminne (dispensasjon frå kulturminneloven) og fastsetting av kostnad for arkeologisk utgraving. Her kan utfordringar med «hesten og havresekken» bli eit problem – vi vil kunne måtte fastsett kostnadane på det fylkeskommunen sjølv skal betale for (abilitet). Dette var også ein av grunnane til at fastsetting av kostnad blei flytt frå landsdelsmusea til Riksantikvaren i si tid. Det kan også bli eit større lokalt krav til frigjeving av viktige nasjonale kulturminne sidan avstand mellom utbyggingsinteresser og mynde til dispensasjon blir mindre .

Auka mynde vil kunne bidra til å styrke bevisstheita og kompetansen hjå politikarane og statusen på kulturminnevernarbeidet.

Større regionar vil ikkje vere løysinga, utfordringane blir dei same, inkludert bevisstgjering av politikarane og heving av kulturminnearbeidet sin status. Fagmiljøet vil vere større, forutsatt samlokalisering. Samstundes vil avstanden til kulturminna bli større og den lokale tilknytinga, identitet og kunnskapen därlegare. Dette vil samla sett gjere at kulturminnevernet truleg blir mindre effektivt og därlegare.

Ansvaret for å forvalte vedtaksfreda kulturminne blir utvida til også å omfatte dei fleste forskriftfreda bygningar i statleg eige.

Faglig vil vi kunne vere rusta til å overta arbeidsoppgåvene da behandling av desse langt på veg vil vere i samsvar med vår behandling av vedtaksfreda kulturminne. Men det vil krevje noko auke i kapasitet (personell).

Forvaltning av verna fartøy som er «listeført»

Her gjer vi ein jobb allereie, og legg opp til eit tett samarbeid med regionmusea.

All planrelatert ivaretaking av kulturminneinteresser skal samlast på regionalt nivå, inkludert høve til å gi dispensasjon frå automatisk fredning i samband med planbehandlinga

Nærleik til planområda og høve til synfaring er viktig og fungerer bra. Høve til å gje dispensasjon frå kulturminneloven i samband med planbehandling er ikkje uproblematisk (sjå punkt ovanfor om delegering av oppgåver knytt til kulturminneloven). Det vil vere nyttig og arbeidsbesparande i mindre og enkle saker, men vil kunne legge eit uheldig press på fagsaksbehandlarar i forholdet vern og utbygging når det er tale om viktige freda kulturminne av stor regional og nasjonal verdi. Ut frå ein fagleg ståstad er det viktig med ein uavhengig instans på nasjonalt nivå som tar avgjerer (Riksantikvaren) i slike saker.

Oppgåva vil ikkje bli betre løyst i ein større region. Nærleik til planområda og høve til synfaring vil bli langt dårlegare og meir tidkrevjande. Forholdet til vern og dispensasjonssøknader vil kunne endre karakter sidan vurdering av regional verneverdi vil kunne bli vekta annleis. Møre og Romsdal si historie vil berre vere del av ein større region si historie, og vårt lokale og regionale særpreget kan blir utvatna.

Riksantikvarens tilskotsmidlar til bevaringsprogramma (vurderast frå 2020)

Fylkeskommunen har tilstrekkeleg kompetanse til oppgåva, men innanfor dagens struktur er det begrensa kapasitet til dette arbeidet. Det er heller ikkje kapasitet til å utføre alle dei oppgåvene vi har i dag på ein tilfredstillande måte. Det er stort behov for oppfølging og rådgiving ved tildeling av tilskotsmidlar til restaurering. Tilskota frå Riksantikvaren er også små dersom ein skal nå måla om tilfredstillande vedlikehaldsnivå på freda bygg og anlegg innan 2020.

Ein større region vil kunne effektivisere arbeidet og frigi noko ressursar. Lokalkunnskapen vil vere dårlegare.

Næringsutvikling og kompetanse

Ansvaret for utforming og oppfølging av regionale oppdrag til nasjonale virkemiddelaktørar for forsking, innovasjon og næringsutvikling

Dette gjer vi i dag, kfr t.d. oppdragsbrev til Innovasjon Norge. Det er veldig bra om dette arbeidet kan få endå større omfang og legitimitet. Dei folke3valte regionane bør få tilsvarande funksjon i forhold til SIVA og Norsk forskningsråd.

Denne oppgåva blir best løyst innanfor dagens struktur. Større regionar kan skape geografiske motsetningar.

Det er ein fordel at dei regionale virkemiddelaktørane har same inndeling som regionane.

Styrke dei regionale forskingsfonda – som får same geografiske inndeling som dei folkevalte regionane

Dette er positivt, og vi vil utan problem kunne ivareta dette i dagens fylkeskommune. Vi har over lang tid hatt ansvaret for VRI, som er eit felles program mellom NFR og fylkeskommunen, og vi har erfaring frå 2010 med RFF.

Oppgåva kan betre løysast innanfor Møre og Romsdal som region, enn i dagens RFF Midt-Norge.

2-årig forsøk med ansvar for regionale næringsprogram for landbruket som i dag blir forvalta av Fylkesmannen

Vi er med på dette arbeidet allereie i dag. Det vil vere uproblematisk å løyse dette innanfor dagens struktur. Naturleg at dette får ei politisk behandling, til liks med andre regionale planar.

Landbruket har ulike klimatiske og topografiske vilkår innanfor store regionar. Det vil komplisere utarbeiding og bruk av eit næringsprogram innanfor ein større region.

Interkommunale eller regionale sjøarealplanar

Dette gjer vi i dag. Møre og Romsdal fylkeskommune har valt å stimulere til utarbeiding av interkommunale sjøarealplaner. Dette sikrar i stor grad konfliktavklaring, lokal forankring og oppfølging av planane. Både i Romsdal og Nordmøre er det pågående interkommunale sjøplanprosjekter. Desse nærmar seg no ferdigstilling av planforslag. For delar av Sunnmøre er eit tilsvarende prosjekt i emning. Interkommunal planlegging av sjøareala har vist seg å være ei fornuftig tilnærming som gir rom for ei heilskapleg planlegging i naturleg samanhengande fjordsystem/sjøområder.

I sjø er det mest tenleg å planlegge naturleg samanhengande fjordsystem/sjøområde kvar for seg. Dette gjeld også dersom planen skal vere regional. Stadt fungerer som ei naturleg, oceanografisk og biologisk grense mot sør. Dette samsvarer med eksisterande fylkesgrense. Av veteranære omsyn er området frå Stadt til Hustadvika også foreslått som eige produksjonsområde for havbruk.

Situasjonen er noko annleis mot Trøndelag. Kommunane på Nordmøre har tilnærma ingen vassimport frå Sør-Trøndelag, men det er i stor grad omvendt. Det kan derfor vere tenleg at planlegging i Smøla og ytre delar av Aure vert sett i samanheng med areal i Trøndelag. Likeeins ligg Vinjefjorden på begge sider av fylkesgrensa. Men dagens regioninndeling legg ikkje hinder for dette, og samarbeid mellom kommunar over regiongrensene vil alltid vere nødvendig og tenleg på ulike område, uavhengig av kvar grensene går.

Sjøarealplanar for heile fylket eller større område enn dagens fylke, vil vere lite aktuelt, rett og slett fordi arbeidsmengd og koordineringsbehov knytt til omfanget av problemstillingar, konfliktpunkt, faglege utgreiingar, medverknad og forankring vert uhandterleg. Dette gjeld både kommunale og regionale planar.

Ein kan derfor konkludere med at større regionar vil ikkje ha nokon påverknad på sjøarealplanlegginga.

Utvikle regional kompetansepolitikk – systematisk koordinering av ressursane på regionalt nivå

Dette gjer vi i dag, og Møre og Romsdal er meir aktiv enn dei fleste andre fylke på dette, ettersom vi har små og spreidde kunnskapsmiljø.

Kfr FOI-strategi for næringslivet. Fol-strategi for offentleg sektor. Høgskolefondet. Fylkeskommunal støtte til forskingsinstitusjonane. Fylkeskommunal finansiering av felles Horisont2020-ressurs,

Forskningsforum Møre, utvikling av nye studier på fagskolen og Høgskolesenteret i Kristiansund, arbeidet med felles Handlingsprogram Verdiskaping og Kompetanse.

Nærleik er avgjerande for å kunne arbeidet systematisk og handlingsretta. Å samarbeide med nasjonale kunnskapsmiljø er sjølvsagt, men den regionale koordineringa krev god kjennskap, nettverk, legitimitet, geografisk og kulturell nærleik.

Tettare kopling mellom universitetets og høgskolane sine Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og dei folkevalte regionane/den regionale kompetansestrategien

I Møre og Romsdal har høgskulane i fellesskap etablert eit RSA, der fylkeskommunen deltek både politisk og administrativ. Vi er opptekne av å kunne nytte dette forumet strategisk. Men i dag har forumet lite nasjonalt oppdrag, rolle eller legitimitet.

For å betre samarbeidet mellom regionale universitet/høgskolar og regionalt arbeidsliv, er dagens geografi tenleg. Ved ei eventuell innlemming i ein større region, vil kopling til Midt-Norge vere mest naturleg ettersom vi har ein NTNU-lokasjon i fylket og mykje samarbeid med NTNU på fleire område (som forøvrig alle delar av landet naturlegvis har ettersom NTNU er landets teknologiuniversitet). Vi kunne då, i alle fall i teorien, få meir innverknad på NTNU sine prioriteringar.

Samferdsel

Administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadminstrasjon)

Når deler av SAMS kjem over til regionane må nok organiseringa av fylkesvegforvaltninga endrast uavhengig av om Møre og Romsdal fylkeskommune går saman med andre fylke eller ikkje.

Realitetsmessig vil fylkeskommunane få betre forvaltning av fylkesvegnettet enn kva som er tilfelle i dag når deler av SAMS vegadminstrasjon vert overført til fylka. På den andre sida vil overføringa svekke Statens vegvesen si utøving av sektoransvaret, der utvikling av veg og vegtrafikk i Norge er sentralt.

Kjøp av innanlandske flyruter

Kjøp av innenlandske flyruter vil kunne vurderast inn mot anna rutekjøp i regionen .

Integrering

Styrke det regionale folkevalte nivået si rolle i integreringsarbeidet i samband med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.

Det er svært positivt om fylkeskommunene si rolle innan integrering kan bli styrka. Fylkeskommunen gjennomfører allereie ei lang rekke tiltak her – både lovpålagede oppgåver innan utdanning og tannhelse og eigne prioriteringar innan kulturfeltet og samfunnsutviklingsarbeid. Det er innvandring som sørger for folkevekst i Møre og Romsdal og dei er ein resurs for fylket. Integrering er valt som ein av tre overordna prioriteringar i fylkesplanen som blir vedtatt i desember.

Ei særleg utfordring er knytt til utdanningsløp for flyktningar. Her er det behov for tett samarbeid mellom forvaltningsnivåa. Samarbeidet er avhengig av økonomiske bidrag frå fleire partar, noko som har vist seg å vere eit hinder. Skal vi få til gode løysingar – og meir enn vi allereie gjer i dag – bør styrking av rolla innebere økonomiske verkemiddel.

Integrering er ikkje ei oppgåve som vil bli betre utført i ein større region. Det er kommunane, frivillige lag og organisasjoner, bibliotek og lokalt næringsliv som er viktigaste samarbeidspartnarane her – og det gjeld å vere lokalisert nær dei om vi skal få til godt samarbeid. IMDi er også ein viktig samarbeidspartner her, og vi opplev at dei ønskjer å delta i samarbeida vi initierer.

Prioriteringar i nabofylka

Avdelingane i fylkeskommunen har kartlagt korleis nabofylka har organisert sine oppgåver og korleis desse er prioritert. Det er også nytta KOSTRA-tal for å få kunnskap om prioriteringane.

Uansett utfall av regionreforma er det nyttig å skaffe kunnskap om korleis andre fylkeskommunar løyser same oppgåver som vi.

Kartlegginga viser at fylkeskommunane har valt svært ulike måtar å organisere verksemda si på. Lenger fram i notatet såg vi at dei òg prioriterer forskjellege mellom sektorane – noko som speglar at det er ulike behov i fylka. Sjå også eige avsnitt tidlegare om økonomiske prioriteringar mellom sektorar.

Kultur

Generelt har utviklinga vore i retning av at kulturavdelingane er blitt slått saman med næringsavdelingane, og saman dannar desse nye Kultur- og regionalavdelingar. Dette har skjedd i Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag som følgje av kutt i rammer og sparetiltak. I samband med at Nord- og Sør-Trøndelag skal etablere Trøndelag fylkeskommune, er det som ein del av intensjonsvedtaket gjort vedtak om å utgreie etablering av ei rein Kulturavdeling.

Arbeidet med kulturformidling/Den kulturelle skulesekken følgjer alle det same tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet/staten. DKS-Trøndelag og Sogn og Fjordane er administrativt sett saman på same viset som Formidlingsseksjonen. Det er uklart om DKS-administrasjonane i dei andre fylka har andre oppgåver i tillegg til DKS, slik ein har i Møre og Romsdal.

Arbeidet med Folkehelse og fysisk aktivitet: er organisert ulik i dei fire fylka.

- Oppland: Fagområda er lagt til Regionalenheten, næring og samfunn
- Sogn og Fjordane: Fagområda er lagt til Næring og kultur avdelinga – nytt frå 1.april. Tildegare berre kulturavdelinga.
